



Årdal kommune

Formannskapet

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 20.05.2026

Møtetid: Kl. 08:00 - 11:00

Møtestad: Kommunestyresalen

Saksnr.: 040/26 – 056/26

Følgjande medlem møtte	Parti
Anita Hagen Lægreid	AP
Anne Kauppi	AP
Christian Sønstlien	AP
Marie-Helene H. Brandsdal	AP
Knut Arne Klingenberg	H
Trude Gjermo	H

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Geir Kjetil Øvstetun	AP	Line Hillestad	UA

Møteleiar:	Ordførar Christian Sønstlien
Frå adm. møtte:	Kommunedirektør Mette Hestetun Berg

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
PS-040/26	Konstituering
PS-041/26	Orienteringssaker
PS-042/26	Referatsaker
PS-043/26	Årsmelding for næringsfondet 2025
PS-044/26	Finans- og gjeldsrapport 2025
PS-045/26	Årsmelding og årsrekneskap 2025
PS-046/26	Utgreiing av helseføretakstruktur
PS-047/26	Kulturmidlar våren 2026
PS-048/26	Klage på vedtak - skjenking av alkohol på uteservering ved Heilmat Drift AS
PS-049/26	Klage på vedtak – skjenketid for alkohol i gruppe 3 Tya Bakeri AS, Storevegen 16–18
PS-050/26	Planvask - Rullering av arealdelen til kommuneplanen - Årdal kommune
PS-051/26	Søknad om dispensasjon - Murane bekkeinntak - Fortun- Grandfastvassdraget, Årdal kommune
PS-052/26	Søknad om dispensasjon på gnr 14 bnr 1, Støl i Gravdalen
PS-053/26	Søknad om dispensasjon på gnr 16 bnr 176 - Endrevegen 2, 6884 Øvre Årdal
PS-054/26	Søknad om dispensasjon på gnr 29 bnr 2 - Dalavegen 25, 6885 Årdalstangen
PS-055/26	Samlesak for delegerte skjenke og serveringssaker
PS-056/26	Samlesak for delegerte byggesaker

Saksnr.	Utval	Møtedato
040/26	Formannskapet	20.05.2026

Sakshandsamar: Laila Irene Røneid

Arkiv:

Arkivsak: 26/688 -
Ugyldig flettefelt

Konstituering

1. Opning av møte
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av sakliste
4. Møteprotokoll - det skal veljast to personar som skal underskrive møteprotokollen digitalt i lag med ordførar.

20.05.2026 Formannskapet

Trude Gjermo (H) (permisjon i starten)

Ingen kommentarar til innkalling og sakslista.

Knut Arne Klingenberg, H og Anne Kauppi, AP skal godkjenne møteprotokollen.

Fskap - 040/26 Vedtak

Innkalling og sakliste godkjent utan merknad. Knut Arne Klingenberg (H) og Anne Kauppi (AP) skal godkjenne og signere møteprotokoll i lag med ordførar.

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
041/26	Formannskapet	20.05.2026

Sakshandsamar: Laila Irene Røneid

Arkiv:

Arkivsak: 26/688 -
Ugyldig flettefelt

Orienteringssaker

Ordfører og kommunedirektør orienterer om aktuelle saker:

Tilråding:

Orienteringane vert tekne til vitande.

20.05.2026 Formannskapet

Ordfører har ingen orienteringar til møtet

Kommunedirektøren orienterar om endringar i Delegeringsreglementet med ynskje om å korte ned sakshandsamingstid for delegerte saker.

Fskap - 041/26 Vedtak

Orienteringssaka teke til vitande.

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
042/26	Formannskapet	20.05.2026

Sakshandsamar: Laila Irene Røneid

Arkiv:

Arkivsak: 26/688 -
Ugyldig flettefelt

Referatsaker

Tilråding:

Referatsakene vert tekne til vitande.

Dokument i saka:

Saksnr.	Tittel
	Tilskot til trafikktryggingstiltak - tilsegn om midlar i 2026 til kommunar i Vestland
	Vedtak om avslag på søknad om tilskot til sikringstiltak etter uvær i 2024 - Årdal kommune - Oppattrydding og reperasjon av kommunal infrastruktur
	Årdal kommune - gnr. 3 bnr. 9 - spørsmål om omgjerding
	Budsjett 2026 - økonomiplan 2026-2029 - Årdal

20.05.2026 Formannskapet

Fskap - 042/26 Vedtak

Referatsakene vert tekne til vitande.

Saksnr.	Utval	Møtedato
043/26	Formannskapet	20.05.2026
025/26	Kommunestyret	20.05.2026

Sakshandsamar: Norunn Haugen

Arkiv:

Arkivsak: 24/400 -
Ugyldig flettefelt

Årsmelding for næringsfondet 2025

Saka gjeld

Årsmelding for næringsfondet for 2025.

Bakgrunn

Det er formannskapet som er fondsstyre for næringsfondet.

Konsesjonsavgifter, innbetaling av rente og avdrag frå utlån, og renteavkastning skal settast av til næringsfondet.

Bruken av fondet vert vedteke av formannskap og kommunestyret gjennom budsjettsak eller enkeltsaker.

Drøfting

Fondskapitalen skal til ei kvar tid vere på minst 10 mill. kr. Denne kapitalen kan kun nyttast til lån, og eller avsetjast til garantifond.

Alt utover denne grunnkapitalen er avkastning og kan nyttast til tilskot.

Økonomi

Saldo på næringsfondet pr. 31.12.25 er på kr 10 907 549,-. Fondskapitalen er redusert med vel 3 mill. kr frå 31.12.24. Utgifter og inntekter i løpet av 2025 kjem fram i tabellen nedanfor:

Inntekt/utgift	Summer av Beløp
Avdrag og renter	-1 341 867,00
Inntekt	-7 165 148,00
Overført drift-tilskot	11 685 000,00
Totalsum	3 177 985,00

Overføring drift og tilskot omfattar budsjetttert bruk

Tilskot Årdal Industripark AS 4 mill. kr

Tilskot Årdal Utvikling AS 6,2 mill. kr

Tilskot Visit Sognefjord 0,43 mill. kr

Tilskot Veterinærvakt 0,125 mill. kr
Sognarådet 0,8 mill. kr
Diverse andre tilskot 0,130 mill. kr

Inntekter er renter på innskot og renter på utlån, samt avdrag på næringslån og konsesjonsavgift i 2025 var på kr 6.615.179,-.

Oversikt over utlån 31.12.25

Art	Låntakar	24 Regnskap	25 Regnskap
22170003	ÅB EIGEDOM AS	935 000	937 250
22266001	ÅRDAL KOMMUNALE ENERGIVERK	10 000 000	10 000 000
22270030	JOTUNHEIMEN TRENINGSSENTER A.S.	352 917	235 278
22270033	SITLA HOTELL AS	600 000	514 286
22270034	SITLA HOTELL AS	900 000	771 430
22270035	NORSUN AS	2 000 000	0
22270036	ÅRDAL SJØFRONT AS	125 000	75 000
22270038	NORSUN AS	2 000 000	0
22270039	FJORDALG AS	1 000 000	1 000 000
22270040	Storevegen 16-18 AS	450 000	400 000
22270041	Klingenberg Hotel AS	2 000 000	1 714 286
22270042	AGNITIO AS	300 000	0
	ALLE	20 662 917	15 647 530

Lån til Norsun er avskrive i løpet av 2025. Lån til Agnitio As er innfridd i løpet av 2025. EE eignedom AS har fått utsett avdrag på lån til Sitla hotell AS og Klingenberg hotel AS til og med 2024. Det er gitt tilbud om ny nedbetalingsplan med 14 halvårlege terminar på 250 000 kr. jf. FS-sak 22/25 i møte 23.01.25. FjordAlg AS har fått utsett avdrag ut 2025 jf. FS-sak 021/25 i møte 23.01.25. Årdal Sjøfront As har hatt avdragsutsetting til og med 2024.

Tilråding:

Årsmelding for næringsfondet 2025 vert godkjent.

20.05.2026 Formannskapet

Tilråding samrøystes vedteke.

Fskap - 043/26 Vedtak

Årsmelding for næringsfondet 2025 vert godkjent.

20.05.2026 Kommunestyret

Tilrådinga vedteke samrøystes

KST - 025/26 Vedtak

Årsmelding for næringsfondet 2025 vert godkjent.

Saksnr.	Utval	Møtedato
044/26	Formannskapet	20.05.2026
026/26	Kommunestyret	20.05.2026

Sakshandsamar: Norunn Haugen

Arkiv:

Arkivsak: 25/1697
- Ugyldig flettefelt

Finans- og gjeldsrapport 2025

Saka gjeld

I samsvar med krav i kommunelova og gjeldande reglement for finans- og gjeldsforvaltning legg kommunedirektøren fram finans- og gjeldsrapport per 31.12.25. Finans- og gjeldsrapporten har desse hovudtema:

- Finansutgifter
- Gjeldsrapport (rapport som er automatisk generert i KNB Finans ligg ved).
- Likviditet
-

Kommunen sine aksjar og lån er ikkje finansielt motiverte og er difor ikkje regulert av finansreglementet.

Bakgrunn

Føremålet med finansforvaltninga er at kommunen til ei kvar tid skal ha likviditet til å dekke løpande forpliktingar og at overskotslikviditet over tid skal gje ei god avkastning. Lånte midlar skal over tid gje lågast mogeleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko. Dersom kommunen har langsiktige finansielle aktiva, skal forvaltninga av desse gje ei god avkastning til akseptabel risiko (Jf. Finansreglementet 16.02.23 pkt. 4).

Drøfting

Finansutgifter

Tabellen nedanfor syner netto finansutgifter per 31.12.25. Oversikta syner opphøveleg budsjett 2025, revidert budsjett 2025 og rekneskap 2025.

Tabell 1 Netto finansutgifter 31.12.25

Beløp i 1000kr	Rekne skap 2024	Opph. bud. 2025	Rev.b ud. 2025	Rekne skap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Finansinntekter/-utgifter						
Avdrag på lån	22 045	23 782	25 282	25 224	58	0,2 %
Renteinntekter og utbytte	-17 571	-	-	-30 473	4 238	16,2 %
		24 236	26 236			
Sal av konsesjonskraft	-10 000	0	0	0	0	0,0 %
Renteutgifter, prov. og andre fin.utgifter	26 859	28 274	28 274	25 490	2 784	9,8 %
Sum Finansinntekter/-utgifter	21 334	27 820	27 320	20 241	7 080	-25,9 %

Kommentarar til finansutgifter:

Samla renteinntekter og utbytte er 30,5 mill. kr. Av dette er utbytte 23,6 mill. kr og renteinntekter på bankinnskott 6,9 mill. kr. Utbytte er 1,6 mill. kr over budsjett. Dette skuldast ekstraordinært utbytte frå ÅB Eigedom AS og utbytte frå Sogn Sparebank som ikkje er budsjettert. Renteinntekter er over budsjett. Dette skuldast primært ei korrigerings av ikkje fordelte renter frå tidlegare år.

Sal av konsesjonskraft er ikkje ført som finansutgifter i 2025.

Avdrag på lån samsvarar med budsjetterte avdrag. Betalte renter på lån 2,8 mill. kr lågare enn budsjett. Avviket skuldast "forsiktig" budsjettering og at låneopptaket for 2025 på 25 mill. kr ikkje er gjort før i desember, slik at renter på årets låneopptak er omlag null.

Netto finansutgifter i 2025 er omlag 7 mill. kr lågare enn budsjett. Dette bidreg positivt til eit samla overskot i rekneskapen 2025.

Gjeldsrapport

Rapport automatisk generert i KBN Finans ligg ved. Rammer i finansreglementet er lagt inn som føresetnader. Simulerte låneopptak tilsvarande budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 er inkludert jf. finansrapport kap. 12. Alle simulerte lån er lagt inn med flytande rente. Dette påverkar prognosar på renter og avdrag og måtalet for forholdet mellom fast og flytande rente framover.

Kommentarar jf. finansreglementet pkt. 7.8:

Samla låneopptak i 2025 var på 25 mill. kr til investeringar og 10 mill. kr til vidareutlån. Samla gjeld per 31.12.26 er på 569 mill. kr. Saldo unytta lånemidlar er på 52,5 mill. kr. 14 mill. kr er unytta lån til vidareutlån. Unytta lånemidlar vert nytta til å finansiere overførte investeringar frå 2025 til 2026. Unytta lån frå Husbanken vert nytta til framtidig vidareutlån.

Det er ikkje gjennomført refinansiering av lån i 2025.

Vel 37% av låneportefølgja har vilkår om fastrente. Dette er innanfor måtalet fastsett i finansreglementet. Ein relativt stor del av portefølgja har rentebinding på under eitt år, dette gjev ein renterisiko. Renterisiko er omtala nærare i kap. 7 i vedlegget.

Det er forventa ein rentenedgang dei neste fire åra jf. vedlegget kap. 1. rente. Renterisiko aukar likevel neste fireårsperiode på grunn av svak auke i gjeldsgrad. Oppdatert rentebane ligg no 0,7-0,8 over det som var lagt til grunn ved opphøveleg budsjett 2025.

Kommentar:

Ved framtidige låneopptak bør kommunene vurdere fastrente for å redusere finansiell risiko. Renteswap kan vere eit alternativ til fastrente for sikring. Gjeldande finansreglement opnar ikkje for renteavtaler og rentebytteavtaler.

Likviditet

Tabellen nedanfor syner samla likviditet frå 15. september 2025 til 1. mai 2026. På grunn av bankbytte i 2025 er ikkje likviditet for heile året med. I 2025 fekk kommunen tilført 47,7 mill. kr gjennom premiefond frå KLP. Bruk av tilførte midlar i 2025 til å redusere betalt pensjonspremie har gitt ein effekt på likviditet. Kommunen sin handlingsregel i 2025 for bruk av premiefond er "bruk alt over 30 mill. kr".

Tabel 2: Status likviditet og forvaltning av likviditet i samsvar med finansreglementet pkt. 6.3



Kommunen skal til ei kvar tid ha driftslikviditet som er minst like stor som forventa likviditetsbehov i dei neste 30 dagane, jf. finansreglementet pkt. 6. Dei siste 8 månadane har likviditet vore på mellom 60 og 100 mill. kr. Kortsiktige fordringar på omlag 65 mill. kr og kortsiktig gjeld på 99 mill. Likviditetsgrad per 31.12.25 var på 1,7. Det er tilrådd at likviditetsgraden er minst 2 slik at omløpsmidlar er dobbelt så store som kortsiktig gjeld. Likviditetsgraden var på 1,2 per 31.12.24. I denne berekninga av likviditet er premieavviket trekt frå omløpsmidlane.

Kommentar:

Likviditetsgraden er forsvarleg. Kommunen har tilstrekkeleg likviditet til å klare forpliktingar dei neste 30 dagane i samsvar med krav i finansreglementet.

Vurdering

KLP har varsla at Årdal kommune får tilført omlag 35 mill. kr til premiefondet i 2026. Dette er overskot frå KLP. Det er tilrådd å vidareføre handlingsregel med "bruk alt over 30 mill. kr". Dette inneber at alt som vert tilført i 2026 vert nytta til å redusere faktura frå KLP. Bruk av premiefond reduserer ikkje pensjonskostnad i rekneskap, men reduserer innbetalt premie og bidreg positivt til likviditet.

Kommunen sitt finansreglement opnar ikkje for aktiv finansforvaltning. Ein anna finansstrategi krev difor ein revisjon av finansreglementet.

Tilråding:

1. Kommunestyret tek finans- og gjeldsrapport per 31.12.25 til vitande.
2. Kommunestyret ber om at revisjon av finansreglementet startar opp i løpet av 2026.

20.05.2026 Formannskapet

Tilråding samrøystes vedteke.

Fskap - 044/26 Vedtak

1. Kommunestyret tek finans- og gjeldsrapport per 31.12.25 til vitande.
2. Kommunestyret ber om at revisjon av finansreglementet startar opp i løpet av 2026.

20.05.2026 Kommunestyret

Tilrådinga vedteke samrøystes.

KST - 026/26 Vedtak

1. Kommunestyret tek finans- og gjeldsrapport per 31.12.25 til vitande.
2. Kommunestyret ber om at revisjon av finansreglementet startar opp i løpet av 2026.

Vedlegg:

KBNStandardReport 31.12.2025

Saksnr.	Utval	Møtedato
045/26	Formannskapet	20.05.2026
027/26	Kommunestyret	20.05.2026

Sakshandsamar: Norunn Haugen

Arkiv:

Arkivsak: 25/1697
- Ugyldig flettefelt

Årsmelding og årsrekneskap 2025

Saka gjeld

Kommunedirektøren legg fram årsrapport og årsrekneskap for 2025 i samsvar med kommuneloven §14-6 og 14-7. Årsrekneskap er lagt fram i balanse.

Revisjonsmelding og protokoll frå kontrollutvalet si handsaming skal ligge ved saka.

Bakgrunn

Budsjett 2025 vart vedteke 12.12.25. Budsjettet er endra i samband med einskildsaker, tertialrapportering med budsjettregulering. Budsjettet for tenesteområda er vedteke som nettorammer og på sektornivå. Etter budsjettforskriften § 5-4, andre ledd er årsrekneskap presentert på samme nivå. I årsrapporten er sektorområde og ansvarsnummer nytta som inndeling. Tabellar i saka syner som hovudregel opphøveleg budsjett, revidert budsjett, rekneskap 2025 og rekneskap 2024. Revidert budsjett er det politisk vedteke budsjettet. Det er gjort budsjettendringar etter delegerte fullmakter i 2025 t.d. overføring til investering og fordeling av sum avsett til lønnsoppgjer på fellesområde til dei andre sektorområda. Dette påverkar ikkje sektorane si samla nettoramme jf. løyvingsskjema § 5-4 første ledd.

Drøfting

Forskriftsskjema med notar er presentert i den digital årsmeldinga. Der det er relevant, er det lagt inn kommentarar som gjeld økonomisk utvikling og avvik i skjema eller noten. I vedlegget "Årsrekneskap 2025 - hovudoversikter med notar" er forskriftsskjema og notar presentert utan kommentarar. Årsmeldinga er i saka berre presentert digitalt i Framsikt.

Lenke til digital årsrapport i **Framsikt** [Årsrapport og årsrekneskap 2025](#)

Årsrapporten er inndelt i fem delar:

- introduksjon
- grafikk og nøkkeltal
- kommunene sine tenesteområde
- sentrale kapitel
- vedlegg

Omtale av årsrekneskapen, omtale investeringar, personal og organisasjon, utvikling i handlingsreglar og KOSTRA-statistikk ligg under sentrale kapitel.

Omtale av tenesteområda omfattar både tenesteskildringar og kommentarar rekneskap. Oppfølging av mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsplan og andre forventningar er i hovudsak omtala under kvart tenesteområda.

Vedlegget i årsrapporten syner oppsett for sjølvkostområda (jf. Etterkalkyle sjølvkost).

Årsmelding for kommunale samarbeid og årsmelding for dei kommunale råda er ikkje inkludert i denne saka.

Økonomi

Årdal kommune hadde brutto driftsinntekter på 770 mill. kr. i 2025. Samla driftsutgifter var på 755 mill. kr (jf. økonomisk oversikt etter § 5-6). Korrigert for avskrivningar og netto finansutgifter syner rekneskapen eit netto driftsresultat på 27 mill. kr. Dette gjev eit netto driftsresultat på 3,5%. Dette er over måltalet på 1,75%.

Det er ikkje ført bruk av disposisjonsfond i 2025. Saldo disposisjonsfondet er ved utgangen av 2025 på 47,3 mill. kr. Dette er ein auke på 20,2 mill. kr frå 2024. Storleiken på disposisjonsfondet i 2025 utgjer 6,1 % av driftsinntektene. Dette er over måltalet som kommunestyret har vedteke på 5%.

Samla budsjettavvik er på 16,3 mill. kr (Årsoppgjersdisposisjonar etter § 5-9, drift).

Kommunen sine samla utgifter til investering i 2025 var på 36,6 mill. kr. Av dette er 2 mill. kr eigenkapitalinnskot i KLP. Investeringar er finansiert med mva.kompensasjon, tilskot frå andre, overføring frå drift og lån.

Lånegjelda utgjer i 2025 61% av brutto driftsinntekter. Dette er innanfor handlingregelen på 75%. Langsiktig gjeld har auka frå 545 mill. kr i 2024 til 565 mill. kr i 2025. Lån til vidareutlån utgjer 70 mill. kr.

Pensjonsforpliktingar har auka og utgjer no 1130 mill. kr. Dette er ein auke frå 998 mill. kr i 2024 rekneskapen. Pensjonsmidlar som er avsett for å dekke framtidige pensjonar utgjer 1107 mill. kr.

Balansen syner at arbeidskapitalen har auka med omlag 25,6 mill. kr til 155 mill. kr (Jf. Note 1 Arbeidskapital). Arbeidskapital er omløpsmidlar og kortsiktig gjeld. Auka arbeidskapital betyr at kommunen har meir omløpsmidlar til å dekke kortsiktige forpliktingar.

Revisjonsmeldinga

Revisjon av kommunerekneskapen var ikkje til fristen 15. april og kommunen fekk difor først ei negativ revisjonsmelding. Ny revisjonsmelding datert 22.april, som erstattar den første revisjonsmeldinga ligg ved. Revisor har elles ingen merknader i revisjonsmelding for årsrekneskapen for 2025.

Kontrollutvalet si handsaming

Kontrollutvalet handsamar årsrekneskap og årsrapport 2025 i møte 12.05.26. Protokoll skal følge saka til kommunestyret.

Vurdering

Årsrapport og årsrekneskap 2025 for Årdal kommune gjev eit bilete av tenesteytinga i kommunen og syner korleis inntekter vert disponert. Rekneskapen syner at driftsutgifter er lågare enn driftsinntekter i 2025. Utvikling i dei økonomiske måltala syner at Årdal kommune sin økonomiske handleevne er blitt styrka. Kommunedirektøren si tilråding er at kommunestyret godkjenner årsrapport og årsrekneskap for 2025.

Tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsrapport 2025 for Årdal kommune.
2. Drifts- og investeringsregnskap er lagt fram i balanse.

20.05.2026 Formannskapet

Tilrådinga vedteke samrøystes.

Fskap - 045/26 Vedtak

1. Formannskapet godkjenner årsrekneskap og årsrapport 2025 for Årdal kommune.
2. Drifts- og investeringsregnskap er lagt fram i balanse.

20.05.2026 Kommunestyret

Årsmelding og årsrekneskap 2025 vert vedteke samrøystes.

KST - 027/26 Vedtak

1. Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsrapport 2025 for Årdal kommune.
2. Drifts- og investeringsregnskap er lagt fram i balanse.

Vedlegg:

Revisjonsmelding 2025 Årdal kommune

Saksnr.	Utval	Møtedato
046/26	Formannskapet	20.05.2026
028/26	Kommunestyret	20.05.2026

Sakshandsamar: Mette Hestetun Berg

Arkiv:

Arkivsak: 26/674 -
Ugyldig flettefelt

Utgreiing av helseføretakstruktur

Saka gjeld

Utgreiing av helseføretakstruktur.

Bakgrunn

I samband med prosessen knytt til Helse Førde sine kuttforslag kom det opp innspel frå fleire av ordførarane i Sogn om å vurdere helseføretakstrukturen og sjå meir mot Helse Bergen. I Årdal er dette blitt drøfta muntleg politisk, men det ligg ikkje føre ei saksutgreiing eller eit formelt vedtak.

Kommunestyret i Vik kommune har handsama sak om mogleg vurdering av byte av helseføretak og framtidig organisering innan Helse Vest. Diskusjonen har på ny aktualisert spørsmål om framtidig sjukehusstykning for kommunane på sørsida av Sognefjorden, herunder samarbeid, pasientstraumar, reiseavstandar og framtidig struktur for spesialisthelsetenestene.

Tidlegare har Aurland kommunestyre i 2025 vedteke å greia ut byte av helseføretak. Vedtaket kom i samband med den planlagde stenginga av Lærdalstunnelen.

I Årdal kom spørsmålet om utgreiing av byte opp i samband med den offentlege debatten om nedlegging av viktige tenestetilbod ved Lærdal sjukehus, og flytting av ortopedien til Førde sentralsjukehus. Lærdal kommune skal og handsame spørsmål om utgreiinga før sommaren.

For Årdal og Lærdal kommune er saka særleg viktig fordi kommunane har eit anna utgangspunkt enn både Vik kommune og Aurland kommune. Lærdal er vertskommune for Lærdal sjukehus, og det er viktig at kommunane sine vurderingar må ta utgangspunkt i behovet for å sikre vidare drift og utvikling av sjukehuset i Lærdal og dei funksjonane som ligg der i dag.

Saka handlar ikkje berre om geografisk tilhøyrse eller reiseavstand til sjukehus, men og framtidig organisering av spesialisthelsetenester innan somatikk, psykisk helsevern, prehospitale tenester samt samhandling mellom kommune og helseføretak.

Drøfting

For Årdal og Lærdal er det avgjerande at Lærdal sjukehus vert vidareført med dei funksjonane sjukehuset har i dag. Sjukehuset har stor betydning både for akuttberedskap, lokal helsetryggleik, rehabilitering, samhandling og arbeidsplassar i regionen. Kommunane må i alle vurderingar leggja til grunn at eventuelle strukturendringar ikkje skal svekka sjukehuset si rolle eller funksjon.

Det er samstundes viktig å peika på at tilknytning til helseføretak omfattar langt meir enn innlegging ved sjukehus.

Innbyggjarane i Årdal nyttar i dag fleire tenester innan Helse Førde ved sjukehuset i Førde, og mellom anna innan barne- og ungdomspsykiatri (BUP), vaksenpsykiatri og distriktpsikiatriske tenester, herunder tilbod ved Rutlin. I tillegg kjem prehospitale tenester som ambulansestasjonar og akuttmedisinsk beredskap i kommunane.

Desse tenestene er viktige delar av det samla spesialisthelsetenestetilbodet, og må vurderast i ein heilskap dersom det skal greiast ut alternative organisatoriske løysingar.

For Årdal kommune er det vidare relevant at reiseavstanden til Voss sjukehus er kortare/like langt enn til Førde sentralsjukehus. Dette gjeld både for innbyggjarar og i enkelte tilfelle for akutte transportar og fødsjar. Samstundes må det understrekast at Voss sjukehus er eit lokalsjukehus med færre funksjonar enn Førde sentralsjukehus. Fleire spesialiserte tenester innan regionen til Helse Bergen er samla ved Haukeland universitetssjukehus.

Ei eventuell endring av helseføretakstilknytning vil difor kunne innebera at fleire pasientar må reisa vidare til Bergen for tenester som i dag vert gjeve i Førde. Dette er eit sentralt moment i vurderinga av samla pasientbelastning, reisetid og tilgjenge til spesialiserte helsetenester.

Kommunedirektøren vurderer det likevel som naturleg og fornuftig å delta i eit vidare utgreiingsarbeid saman med dei andre kommunane på sørsida av Sognefjorden. Eit slikt arbeid kan bidra til å få fram eit betre kunnskapsgrunnlag om pasientstraumar, bruk av tenester, transportløysingar, beredskap, psykisk helsevern, prehospitale tenester og konsekvensar for lokalsjukehusstrukturen.

Kommunen bør samstundes leggja til grunn at deltaking i eit utgreiingsarbeid ikkje inneber at kommunen tek stilling til byte av helseføretak no. For Årdal og Lærdal handlar det kanskje meir om framtidige strukturendringar, og om å blei ein del av noko større i Helse Vest, der Lærdal sjukehus vil vera ein viktig institusjon også i framtida.

Utgreiingsarbeidet må gjennomførast med grundige faglege, økonomiske og beredskapsmessige vurderingar. Ei utgreiing vil som sagt ikkje vere bindande for Årdal kommune, men vil kunne gje kunnskapsgrunnlaget ein treng for å vurderer om kommunen skal å vidare med ein eventuell søknad om strukturendring. Ein slik søknad må rettast til Helse Vest som regionalt helseføretak som vil måtte vurdere om det er grunnlag for å setje i gang utgreiing om endring av struktur. Ved prinsipielle eller større endringar kan saka bli løfta til føretaksmøte (helseministaren).

Økonomi

Det ligg førebels ikkje føre overslag over kostnader knytt til ei utgreiing. Ein felles utgreiing saman med Aurland, Vik og Årdal, vil likevel kunne redusere kostnadene per kommune og gi eit breiare og meir robust kunnskapsgrunnlag enn om Årdal kommune skulle greie ut saka aleine.

Kommunedirektøren i Aurland har 21. april 2026 invitert Årdal, Lærdal og Vik, til å delta i ei felles utgreiing.

Det vert gjeve tilråding om å setta av inntil kr. 200.000 til å dekkja kostnadane med utgreiinga.

Tilråding:

1. Årdal kommune meiner det er avgjerande å sikra vidare drift og utvikling av Lærdal sjukehus med dagens funksjonar.
2. Kommunestyret meiner det er viktig å få fram eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag før det eventuelt vert teke stilling til organisatoriske endringar i helseføretaksstrukturen. Årdal kommune ønskjer difor å delta i eit vidare utgreiingsarbeid saman med kommunane på sørsida av Sognefjorden om framtidig organisering av spesialisthelsetenestene.
3. Deltaking i utgreiingsarbeidet inneber ikkje at kommunen på noverande tidspunkt tek stilling til byte av helseføretak.
4. Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr. 200.000 til utgreiingsarbeidet. Finansiering vert innarbeida i revidert budsjett.

20.05.2026 Formannskapet

Tilrådinga vert vedteke 6 røyster mot 1 (uahv.)

Fskap - 046/26 Vedtak

1. Årdal kommune meiner det er avgjerande å sikra vidare drift og utvikling av Lærdal sjukehus med dagens funksjonar.
2. Kommunestyret meiner det er viktig å få fram eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag før det eventuelt vert teke stilling til organisatoriske endringar i helseføretaksstrukturen. Årdal kommune ønskjer difor å delta i eit vidare utgreiingsarbeid saman med kommunane på sørsida av Sognefjorden om framtidig organisering av spesialisthelsetenestene.
3. Deltaking i utgreiingsarbeidet inneber ikkje at kommunen på noverande tidspunkt tek stilling til byte av helseføretak.
4. Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr. 200.000 til utgreiingsarbeidet. Finansiering vert innarbeida i revidert budsjett.

20.05.2026 Kommunestyret

Tilrådinga vedteke samrøystes.

KST - 028/26 Vedtak

1. Årdal kommune meiner det er avgjerande å sikra vidare drift og utvikling av Lærdal sjukehus med dagens funksjonar.
2. Kommunestyret meiner det er viktig å få fram eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag før det eventuelt vert teke stilling til organisatoriske endringar i helseføretaksstrukturen. Årdal kommune ønskjer difor å delta i eit vidare utgreiingsarbeid saman med kommunane på sørsida av Sognefjorden om framtidig organisering av spesialisthelsetenestene.
3. Deltaking i utgreiingsarbeidet inneber ikkje at kommunen på noverande tidspunkt tek stilling til byte av helseføretak.
4. Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr. 200.000 til utgreiingsarbeidet. Finansiering vert innarbeida i revidert budsjett.

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
011/26	Utval for Samfunn	05.03.2026
047/26	Formannskapet	20.05.2026

Sakshandsamar: Stine Moen Bakken

Arkiv:

Arkivsak: 26/199 -
Ugyldig flettefelt

Kulturmidlar våren 2026

Saka gjeld

Tildeling av grunnstønad våren 2026.

Bakgrunn

Årdal kommune deler kvart år ut kulturmidlar til lag og organisasjonar i samsvar med reglar for tildeling. Reviderte reglar vart vedteke i kommunestyresak 005/19. Samla tildeling av kulturmidlar skal handsamast i formannskapet.

Kommunedirektør har i tillegg delegert fullmakt til å handsame einskildsaker, tildele aktivitetstønad og prosjektstønad på inntil kr. 10 000, -.

Kulturmidlane vart utlyst på heimesida og facebookside til kommunen.

Det kom inn 18 søknader frå lag og organisasjoner

Drøfting

Grunnstønad vert tildelt ein gong i året med søknadsfrist 1. mars og det må vere minst 15 medlemmer for å få stønad. Alle lag må legge med vedtekter, budsjett, rekneskap og medlemsliste.

Me registrerer at dette ikkje vert fulgt opp av alle som søker. I vedlagte rekneark er det oversikt på fordeling av grunnstønad til dei ulike søkerane med utgangspunkt i innmeldt medlemstal.

Lag og organisasjonar kunne tidlegare søkje om om tilskot til arrangement, aktivitetar, prosjekt og opplæring to gonger i året. Tildeling våren 2026 vert kun grunnstønad på bakgrunn av redusert budsjett.

Saka vart teken opp som orientering i utval for samfunn.

Økonomi

Kulturmidlar: totalramme : 258 000

Friluftsråd: -163 714

Til disposisjon: 94 286 ,-

Søknadsbeløp grunnstønad: 112 480 ,-

For å imøtekomme alle søknader om grunnstønad vert kr 18 194 henta frå bunde fond.

Tilråding:

Grunnstønad totalt kr. 112 480,- vert tildelt i samsvar med søknad.

05.03.2026 Utval for Samfunn

Tilråding vart teken opp til røysting.

Samrøystes.

SAMFUNN - 011/26 Vedtak

Grunnstønad totalt kr. 112 480,- vert tildelt i samsvar med søknad.

20.05.2026 Formannskapet

Tilrådinga vedteke samrøystes

Fskap - 047/26 Vedtak

Grunnstønad totalt kr. 112 480,- vert tildelt i samsvar med søknad.

Vedlegg:

Kulturmidlar våren 2026

Saksnr.	Utval	Møtedato
048/26	Formannskapet	20.05.2026

Sakshandsamar: Laila Irene Røneid

Arkiv:

Arkivsak: 26/490 -
Ugyldig flettefelt

Klage på vedtak - skjenking av alkohol på uteservering ved Heilmat Drift AS

Saka gjeld

Handsaming av klage frå Heilmat Drift AS, datert 28.04.2026, på formannskapet sitt vedtak i sak 033/26. Vedtaket gav allment skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 innandørs, men avslo søknad om skjenkeløyve for uteområde ved verksemda i Storevegen 3, Øvre Årdal.

Bakgrunn

Heilmat Drift AS søkte om alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2, både innandørs og på uteservering ved verksemda i Storevegen 3. Formannskapet vedtok 23.04.2026 å innvilge skjenkeløyve innandørs, men gav avslag på søknad om skjenking på uteområde. Avslaget var grunngjeve i trafikale og tryggleiksmessige omsyn jf. alkohollova § 1-7.

Heilmat Drift AS har i klage datert 28.04.2026 påklaga avslaget og peikar mellom anna på:

- at verksemda er ein kafé med roleg drift,
- at utearealet allereie vert nytta til servering av mat og alkoholfri drikke,
- at avstanden til køyrebana er om lag 5 meter, med fartsgrense 30 km/t,
- at utearealet kan inngjerdast og skjenketida avgrensast

Drøfting

Det omsøkte utearealet ligg på og delvis i offentleg fortau med viktig funksjon for gåande ferdsel i sentrum. Arealet ligg tett opp mot Storevegen, som er ei trafikkert hovudferdselsåre og med kryssande trafikk frå Farnesvegen. Sjølv med fartsgrense 30 km/t er trafikkbiletet varierende gjennom dagen, med både mjuke trafikantar og køyretøy.

Kommunen har etter alkohollova § 1-7 og § 1-7a eit vidt skjøn ved vurdering av løyve. Det kan leggst vekt på:

- trafikale forhold
- omsynet til naboar og nærmiljø
- orden og tryggleik

Skjenking av alkohol på uteservering i dette området kan etter ei samla vurdering auke risikoen for uønskete hendingar. Alkoholservering kan påverke merksemd og åtferd hos gjester. Inventar, gjerde og avsperringar vil redusere den effektive gangbreidda. Dette vil kunne føre til flaskehalsar, konflikhtar mellom gåande og i periodar flytte ferdsel nærare, eller ut i, køyrebana.

Dette er forhold som etter kommunen sine retningslinjer for sal og skjenking skal vektleggjast særleg ved vurdering av skjenkeløyve, jf. kriterium om plassering, trafikk- og ordensmessige forhold og omsynet til allmenn ferdsel.

Kommunedirektøren har vurdert dei avbøtande tiltaka som klagar har foreslått, mellom anna inngjerding av utearealet og avgrensa skjenketid. Det er òg teke med i vurderinga at omsøkt opningstid er oppgitt til kl. 10.00–16.00.

Hovudutfordringa er likevel knytt til sjølve plasseringa og bruken av offentleg fortau som skjenkeareal, ikkje tidspunktet for skjenkinga. Høg trafikkbelastning er eit sakleg og relevant moment i denne vurderinga. Kommunen har eit ansvar for å førebyggje utrygge situasjonar i det offentlege rom.

Det vert òg lagt vekt på at ei innvilging kan få presedensverknad for tilsvarande uteareal i sentrum.

Etter ei samla vurdering meiner kommunedirektøren at omsynet til trafikktryggleik, allmenn ferdsel, universell utforming og føre-var-prinsippet veg tyngre enn omsynet til næringsutøving i denne saka. Desse omsyna er forankra i alkohollova, kommunen sine retningslinjer for sal og skjenking og rusmiddelpolitisk handlingsplan 2025–2028.

Avslag på skjenking på uteområde vert vurdert til å vere:

- rettsleg forankra,
- i samsvar med lokalt vedteken alkoholpolitikk,
- i tråd med kommunestyret sine mål for folkehelse og tryggleik.

Det er ikkje kome fram nye faktiske opplysningar i klagen som gir grunnlag for å endre vedtaket.

Klagen er vurdert etter reglane i forvaltningslova kapittel VI. Kommunedirektøren kan ikkje sjå at klagen inneheld nye moment som tilseier ei anna vurdering enn den som låg til grunn for vedtaket i F-sak 033/26.

Juridisk vurdering

Etter alkohollova § 1-7 kan kommunen avslå søknad om skjenkeløyve når omsynet til mellom anna trafikktryggleik, orden og tryggleik tilseier det. Kommunen har eit vidt forvaltningsskjønn ved vurderinga av om skjenking på ein konkret stad er forsvarleg. Etter kommunedirektøren si vurdering ligg avslaget innanfor ramma av dette skjønnet og framstår som sakleg og forholdsmessig.

Innvilging av skjenkeløyve på det omsøkte utearealet vil etablere ein praksis for tilsvarande søknader langs Storevegen og i liknande trafikkerte område. Etter forvaltningsrettslege prinsipp om likebehandling vil kommunen ha avgrensa høve til å avslå seinare søknader utan sakleg grunn for forskjellsbehandling. Ei slik utvikling kan føre til auka press på

offentlege fortau og redusert framkome, noko som vil utfordre omsynet til trafikktryggleik, universell utforming og allmenn ferdsel. Dette talar for ein restriktiv praksis.

Tilråding:

1. Klagen vert **ikkje** teken til følgje.
Formannskapet sitt vedtak i sak 033/26 om avslag på skjenkeløyve for uteområde ved Heilmat Drift AS vert stadfesta.
2. Klagen vert oversendt Statsforvaltaren i Vestland til endeleg klagehandsaming, jf. forvaltningslova § 33.

20.05.2026 Formannskapet

Sak 048/26 - Skjenking av alkohol på uteservering ved Heilmat Drift AS., foreslått av Marie-Helene H. Brandsdal, Arbeiderpartiet

Klagen vert tatt til følgje.

Heilmat Drift As får utandørs skjenkeløyve for alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2 på følgjande vilkår:

- Området må gjerast inn. Passering må vere tilpassa universell utforming.
- Skjenketidene må tilpassast skjenketidene i retningslinjene i den rusmiddelpolitiske handlingsplanen i Årdal kommune.

Tilråding og forslag vert stilt opp mot kvarandre. Tilrådinga falt 6 røyster mot 1 (H).

Fskap - 048/26 Vedtak

Klagen vert tatt til følgje.

Heilmat Drift As får utandørs skjenkeløyve for alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2 på følgjande vilkår:

- Området må gjerast inn. Passering må vere tilpassa universell utforming.
- Skjenketidene må tilpassast skjenketidene i retningslinjene i den rusmiddelpolitiske handlingsplanen i Årdal kommune.

Vedlegg:

Uteservering - klage på vedtak i Sak 033_26

Saksnr.	Utvål	Møtedato
049/26	Formannskapet	20.05.2026

Sakshandsamar: Laila Irene Røneid

Arkiv:

Arkivsak: 24/235 -
Ugyldig flettefelt

Klage på vedtak – skjenketid for alkohol i gruppe 3 Tya Bakeri AS, Storevegen 16–18

Saka gjeld

Tya Bakeri AS har klaga på formannskapet sitt vedtak i sak 034/26 om skjenketid for alkoholhaldig drikke i gruppe 3 (brennevin). Klagen gjeld ønskje om å kunne starte skjenking av gruppe 3 før kl. 19.00. Skjenketidene for gruppe 1 og 2 er ikkje omfatta av klagen.

Bakgrunn

Tya Bakeri AS har fått innvilga allment skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 for perioden 2026–2028, gjeldande for lokala i Storevegen 16–18, Øvre Årdal.

Klagen gjeld ønskje om å kunne starte skjenking av alkohol i gruppe 3 frå eit tidlegare tidspunkt.

Vedtekne skjenketider er:

- Gruppe 1 og 2: kl. 12.00–02.00
- Gruppe 3: kl. 19.00–01.00

I klagen viser verksemda til at drifta er delt i to konsept – Tya Bakeri og Tya Bar – med fysisk skilje, eigne inngangar og eigne serveringspunkt. Vidare vert det vist til at tidlegare aktørar i same lokale har hatt skjenking av alkohol i gruppe 3 frå tidlegare på dagen, og at verksemda har behov for fleksibilitet i samband med selskap, arrangement og sommarservering.

Drøfting

Etter alkohollova § 4-4 er det kommunen som fastset skjenketider. Fastsetjing av skjenketid er ein del av kommunen sitt frie alkoholpolitiske skjønn. Det følgjer av fast praksis og rettleiing frå nasjonale styresmakter at verken skjenkeløyve eller skjenketider er rettskrav.

Alkohollova § 1-1 slår fast at lova sitt føremål er å avgrense skadeverknader av alkoholbruk. Kommunen skal i si vurdering kunne leggja avgjerande vekt på førebyggjande og folkehelsemessige omsyn, også der verksemda elles oppfyller formelle krav.

Årdal kommune har ein restriktiv praksis når det gjeld skjenking av alkohol i gruppe 3. Alkoholgruppe 3 omfattar brennevin og annan alkohol med alkoholinnhald frå og med 22 til og med 60 volumprosent. Skjenking av slik alkohol er underlagt strengare regulering enn alkoholdrikk i gruppe 1 og 2, og kommunen kan fastsetje kortare skjenketider og strengare vilkår.

Den rusmiddelpolitiske handlingsplanen for Årdal kommune peikar særleg på avgrensing av tilgjenge til alkohol som eit sentralt verkemiddel for å redusere rus- og alkoholrelaterte skadar. Tidleg skjenking av brennevin vert vurdert å auke risiko for uønskte hendingar.

Det er lagt til grunn, i tråd med både kommunal praksis og alkoholpolitiske retningslinjer, at bakeri- og kaféverksemdar normalt ikkje har skjenking av alkohol i gruppe 3. Brennevin er vanlegvis knytt til reindyrka kveldsdrift i restaurant- eller pubverksemd.

Når ei verksemd kombinerer bakeri/kafé og bar, er det avgjerande at det ligg føre eit klart, konsekvent og gjennomgåande skilje mellom dagskonsept og kveldsdrift for at tidleg skjenking av alkohol i gruppe 3 kan vurderast.

Sjølv om det føreligg eit fysisk skilje mellom Tya Bakeri og Tya Bar, vert det lagt vekt på at:

- verksemda på dagtid nyttar begge lokala og lokala fungerer som opphalds- og serveringsstad for gjester som handlar i bakeriet
- skjenkeløyvet er gitt samla for Storevegen 16–18
- drifta framstår som éi heilskapleg verksemd

Det er ikkje dokumentert eit klart, konsekvent og permanent skilje mellom dagskonsept og kveldsdrift som tilseier at Tya Bar kan vurderast som ei heilt sjølvstendig pubverksemd i alkohollova si tyding.

Klagen viser til tidlegare praksis i same lokale. Kommunedirektøren presiserer at:

- tidlegare vedtak ikkje gir rettskrav på same vilkår
- kommunen står fritt til å justere praksis i tråd med gjeldande politiske føringar
- vurderinga skal gjerast med utgangspunkt i dagens rusmiddelpolitiske mål

Omsynet til likehandsaming er vurdert, men kan ikkje til-leggast avgjerande vekt når andre tungtvegande alkoholpolitiske og førebyggjande omsyn talar for ei meir restriktiv regulering.

Behov knytt til selskap, arrangement og sommarservering er forståeleg, men gir etter kommunen si vurdering ikkje grunnlag for ei generell utviding av skjenketid for alkohol i gruppe 3. Slike behov kan eventuelt vurderast gjennom ordningar med einskildløyve der vilkåra elles er oppfylte.

Kommunedirektøren finn etter ei ny og heilskapleg vurdering at vedtaket i sak 034/26:

- ligg innanfor ramma av alkohollova
- er i tråd med Årdal kommune sine retningslinjer for sal og skjenking
- er forankra i rusmiddelpolitisk handlingsplan
- følgjer etablert praksis for skjenking i konditori- og bakeriverksemd

Juridisk vurdering

Fastsetjing av skjenketider ligg innanfor kommunen sitt skjønn etter alkoholova § 4-4. Det er ikkje rettsleg krav på skjenking til bestemte tider. Vedtaket er vurdert opp mot alkoholova §§ 1-1 og 1-7a, og byggjer på saklege og relevante omsyn knytt til verksemdstype, alkoholgruppe og førebyggjande alkoholpolitikk. Kommunedirektøren finn at vedtaket er lovleg, forholdsmessig og i tråd med gjeldande kommunale retningslinjer og rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Avgrensinga av skjenketid for alkohol i gruppe 3 til kl. 19.00–01.00 vert vurdert som sakleg grunngjeven, forholdsmessig og godt forankra i førebyggjande omsyn.

Klagen inneheld ikkje nye faktiske eller rettslege moment som gir grunnlag for å endre vedtaket.

Tilråding:

1. Klage frå Tya Bakeri AS på formannskapet sitt vedtak i sak 034/26 vert ikkje teken til følge. Formannskapet sitt vedtak av 23.04.2026 om skjenketid for alkoholhaldig drikke i gruppe 3 frå kl. 19.00 til 01.00 vert stadfesta.
2. Saka vert sendt statsforvaltaren for endeleg klagehandsaming, jf. forvaltningslova § 33.

20.05.2026 Formannskapet

Tilrådinga vedteke samrøystes.

Fskap - 049/26 Vedtak

1. Klage frå Tya Bakeri AS på formannskapet sitt vedtak i sak 034/26 vert ikkje teken til følge. Formannskapet sitt vedtak av 23.04.2026 om skjenketid for alkoholhaldig drikke i gruppe 3 frå kl. 19.00 til 01.00 vert stadfesta.
2. Saka vert sendt statsforvaltaren for endeleg klagehandsaming, jf. forvaltningslova § 33.

Vedlegg:

Klage på vedtak søknad om skjenkeløyve Tya Bakeri AS

Vedrørande klage på vedtaksøknad om skjenkeløyve Tya Bakeri AS - REF 24235-21

Saksnr.	Utval	Møtedato
050/26	Formannskapet	20.05.2026

Sakshandsamar: Sebastian Hjertager Lund

Arkiv:

Arkivsak: 20/1522

- Ugyldig flettefelt

Planvask - Rullering av arealdelen til kommuneplanen - Årdal kommune

Saka gjeld

Saka gjeld planvask av gamle reguleringsplanar og ei vurdering av arealdisponering i gjeldande arealdel til kommuneplanen (heretter KPA) i samband med rullering av arealdelen.

Bakgrunn

I samband med revisjon av KPA har Årdal kommune gjennomført ein planvask som tek føre seg alle gjeldande reguleringsplanar i kommunen, samt ei vurdering av arealdisponering i gjeldande kommuneplan.

Kommuneplan

Kommunen har gjennomført ei vurdering av areal som i gjeldande KPA er lagt ut som utbyggingsområde, men som av ulike grunnar ikkje er utbygde eller berre delvis utnytta. Utvalet av areal byggjer på lista over utviklingsområde i planprogrammet til ny KPA. Målet har vore å vurdere om desse areala skal vidareførast, endre arealføremål eller tilbakeførast til LNFR-område i ny plan.

Vurderinga følgjer same oppsett og kriterium som planvasken for reguleringsplanar, med mindre tilpassingar til lokale føresetnader og mål.

For fleire av dei vurderte areala er det gjennomført naturtypekartlegging som har vore nytta som grunnlag for den administrative tilrådinga.

Vurderinga er presentert i tabellform for kvart einskilt område. Områda er kategoriserte som «i strid», «delvis i strid» eller «i tråd» med dei statlege planretningslinene. Kva som vert vektlagt for dei ulike vurderingskriteria, er lista opp nedanfor.

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga (1995)

- Kan planlagt utbygging sørge for tilstrekkeleg areal for lek og opphald?

- Vil planlagt utbygging kunne få negative verknader for areal av betydning for barn og unge?
- Kan det leggjast til rette for ulike typar lek?

Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (2024)

- Legg planen til rette for gang, sykling og kollektivtransport framfor bilbasert utbygging?
- Bidreg planen til fortetting/transformasjon innan eksisterande tettstad?
- Tek planen omsyn til naturmangfald, matjord, kulturmiljø, landskap, universell utforming og tryggleik?
- Er planen i tråd med nullvekstmålet for persontransport?

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona (2021)

- Er det regulert for utbygging eller anna utnytting innanfor byggjeforbodssona langs sjøen?
- Tek planen omsyn til natur, friluftsliv, landskap, kulturmiljø og ålmenne interesser i strandsona?

Statlege planretningslinjer for klima og energi (2024)

- Vert karbonrike areal som skog og myr tekne vare på?
- Vert lokaliseringa vald slik at transportbehov og utslepp vert redusert?
- Er arealet særleg utfordrande med omsyn til klimatilpassing?
- Er arealet eigna i samband med klima- og energiløysingar?

Reguleringsplanar

Arbeidet med planvask av reguleringsplanar byggjer på plan- og bygningslova § 11-8 bokstav f, som seier at i soner der det gjeldande reguleringsplanar framleis skal gjelde, skal kommunen vurdere om reguleringsplanen er i samsvar med nasjonale og regionale interesser. Lovkommentaren til plandelen av plan- og bygningslova utdjupar denne føreseigna som følgjer:

«Hensikten med bestemmelsen er å sikre at eldre reguleringsplaner blir vurdert i forhold til gjeldende nasjonale og regionale interesser, og at reguleringsplaner som videreføres uendret er i samsvar med slike interesser. Når dette framgår så uttrykkelig, skal det bidra til at eldre reguleringsplaner ikke videreføres i strid med rikspolitiske bestemmelser, statlige planbestemmelser eller statlige planretningslinjer som er vedtatt etter forrige kommuneplan.»

Framgangsmåte

Det har vore viktig å leggje opp til eit arbeidsomfang som er gjennomførbart, sidan mange planar skal vurderast. Vurderingskriteria er i hovudsak avgrensa til statlege planretningslinjer (SPR) vedtekne etter førre revisjon av kommuneplanen (jf. pbl. § 11-8 bokstav f).

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga (1995) er òg tekne med, då desse ikkje tidlegare er vurderte.

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga (1995) er òg tekne med, då desse ikkje tidlegare er vurderte. Andre særskilde problemstillingar er inkluderte der det er relevant for den einskilde planen. For kvar plan er det oppgjeve status («ikkje utbygd», «delvis utbygd» eller «ferdig utbygd»), samsvar med kommuneplanen, og vurdering opp mot dei statlege planretningslinjene («i tråd», «delvis i strid» eller «i strid»).

Felt som ikkje er relevante, står tomme. Det er deretter gjort ei fagleg, skjønnsmessig tilråding om planen bør vidareførast, vidareførast med suppleringar i ny KPA, opphevast eller endrast.

Planar som er ferdig utbygde, er generelt vurderte mildare enn delvis eller ikkje utbygde planar. For ferdig utbygde område endrar ikkje ei positiv eller negativ vurdering realiteten på staden, og ei oppheving kan skape praktiske utfordringar for eksisterande bustader og verksemdar. Likevel er desse tekne med då dei ofte skaper mange dispensasjonssøknader – særleg knytte til utnyttingsgrad, garasjar og byggjegranser, og fordi det i enkelte tilfelle er avvik mellom planen og det som faktisk er bygd.

Fleire planar som vert tilrådde vidareførte, kan vere mangelfulle etter dagens standard, til dømes når det gjeld miljøkrav, sikkerheit eller utnyttingsgrad. Desse manglane er føresette handterte i revidert KPA, der nokre overordna føresegner kan givast «forkøyrrett» over dei vidareførte planane. I tillegg er det gjort vurderingar av kva planar som bør gjelde fullt ut, utan at ny kommuneplan får forkøyrrett (jf. pbl. § 11-8 bokstav f). Rapporten i sin heilskap ligg som vedlegg til saka.

Høyring

I brev datert 29.08.2025 varsla kommunen oppstart av arbeidet med planvask, derunder oppheving av 32 reguleringsplanar. Varselet vart sendt til grunneigarar, festarar eller naboar på areal som er omfatta av reguleringsplanane det vert tilrådd å oppheve. Varsel om oppstart vart òg sendt til relevante styresmakter.

NVE

NVE ser positivt på at kommunen har gjennomført ei planvask i samband med revisjon av arealdelen til kommuneplanen. Vidare legg NVE til at dei planane som vert vurderte oppheva, er eldre planar som ligg innanfor kartlagde faresoner for skred, flaum og kvikkleire, og difor er i strid med statlege planretningslinjer for klima og energi (SPR). NVE syner til at ny KPA eller ny reguleringsplan må sikre at krava i TEK17 kap. 7 vert ivaretekne gjennom føresegner og omsynssoner. Avslutningsvis peikar NVE på at manglande byggjegranser mot vassdrag er eit gjennomgåande problem i dei aktuelle planane, og at nye planar må etablere slike grenser – minimum 20 m langs små vassdrag og 50–100 m langs større.

Statens vegvesen

Statens vegvesen syner til at oppheving av reguleringsplanar medfører at kommuneplanen vert gjeldande arealplan for dei aktuelle områda, og at saker knytte til byggjegranser og avkøyrslar då skal handsamast etter veglova. Vidare legg Statens vegvesen til at fleire av planane som vert vurderte oppheva, omfattar eller grensar mot fylkesveg, og at opphevinga såleis vil medføre fleire veglovssaker til handsaming for Vestland fylkeskommune. Statens vegvesen peikar også på at rekkefølgekrav vil bli sletta ved oppheving, og ber kommunen vurdere dette grundig, særleg med omsyn til at krav om tiltak for betre trafikktryggleik ikkje må falle bort. Avslutningsvis syner Statens vegvesen til at dei utover desse merknadene ikkje har innvendingar til oppheving av dei 32 reguleringsplanane.

Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune ser positivt på at kommunen ryddar i eldre planar som ikkje lenger fungerer som gode styringsverktøy. Fylkeskommunen syner til at det i den vidare prosessen er viktig at grønstruktur, snarvegar og byggjegranser vert innarbeidde i arealdelen til

kommuneplanen, og at føresegnene for utbygde område vert utforma slik at eksisterande busetnad vert ivareteken.

Vidare legg fylkeskommunen til grunn at verneomsyn frå reguleringsplanar som vert oppheva, må vidareførast i KPA. Særleg vert det peika på reguleringsplan for Ytre Moa, der eit unikt kulturmiljø frå vikingtid ligg innanfor planområdet. Fylkeskommunen føreset at verneføremålet vert vidareført, og syner til at automatisk freda kulturminne skal synast med omsynssone H730 i KPA.

Når det gjeld samferdsel, peikar fylkeskommunen på at oppheving av planar medfører at veglova si generelle byggjegrænse mot fylkesveg vert gjeldande, og at vedtakskompetansen for avkøyrslar og dispensasjonar vil liggje hos vegstyresmakta. Fylkeskommunen ber om at verknadene for vegstyresmakta og grunneigarar vert greidde ut i det vidare planarbeidet. Avslutningsvis legg fylkeskommunen til grunn at reguleringsplanar for fylkesvegar og gang- og sykkelvegar i utgangspunktet bør vidareførast, og at rekkefølgekrav knytte til vegføremål ikkje må falle bort.

Årdal Utvikling

Årdal Utvikling syner til fleire konkrete merknader knytte til dei planane som vert vurderte oppheva. For industri- og næringsareal ber Årdal Utvikling om at ei eventuell oppheving av Dalen industrifelt vert kopla til tydelege føresegner i ny KPA, slik at det ikkje oppstår eit reguleringsvakuum som svekkjer investeringsvilja. Vidare legg Årdal Utvikling til grunn at KPA må stadfeste klare rammer for næringsdrift og buffer mot bustad for Grandane, samt sikre friluftslinje langs Årdalsvatnet.

Årdal Utvikling peikar på at Vesletta forretningsområde har feil føremål i gjeldande KPA (LNF), og ber om at dette vert retta i revisjonen for å unngå unødige dispensasjonar. For Naustbuktunnelen ber Årdal Utvikling om klare KPA-reglar for masselagring knytt til veg- og industriltak. Vidare syner Årdal Utvikling til at oppheving av Storøyeni-planen er forståeleg, men ber samstundes om at kommunen peikar ut alternativ bustadreserve i KPA for å understøtte rekruttering og bulyst. For fritidsbustader ber Årdal Utvikling om ei samla, kunnskapsbasert vurdering i KPA av Torolmen/Tyedalen, med moglegheit for avgrensa fortetting nær eksisterande infrastruktur.

Avslutningsvis peikar Årdal Utvikling på at dei ikkje har vore høyrde i forkant av prosessen, og ber om at dialog med næringslivet vert innarbeidd i det vidare arbeidet med planprogrammet.

Grunneigarar, naboar m.m.

Det har kome fleire innspel, både frå grunneigarar og næringsdrivande. Under følgjer ei kort oppsummering av innspela.

Reguleringsplan for Temmersletti

Det har kome innspel frå næringslivet på opphevinga av reguleringsplanen for Temmersletti i Utladalen. Innspelet syner til at det ved eit tidlegare høve vart forsøkt tilrettelagd/sett i gang ny industri-/næringsverksemd på næringsområdet i reguleringsplanen. Innspelet legg til grunn at dersom planen vert oppheva, vil moglegheita for denne typen verksemd truleg vere stengd for all framtid i Årdal.

Utbyggingsplan(ar) for Tyedalen (felt H5 og H8)

Det har kome fleire innspel på opphevinga av utbyggingsplanane for Tyedalen, både frå einskilde grunneigarar og frå grunneigarar med næringsinteresser.

Det vert synt til at reguleringsplanane for Tyedalen, felt H5 og H8, framleis har vesentlege rettsverknader, og det vert bede om at planane ikkje vert oppheva. Innspela legg til grunn at 10 av 18 hyttetomter er utbygde, at infrastruktur som vegar, straum og borebrønnar allereie er etablert, og at fleire av dei attverande tomtene er fråskilde og selde til tredjepartar. På denne bakgrunnen vert det lagt til grunn at oppheving vil vere eit uforholdsmessig og rettsstridig inngrep etter pbl. § 12-14. Vidare vert det synt til at kommunens grunngjeving ikkje er tilstrekkeleg, og det vert peika på at kommunen har tilgjengelege og mindre inngripande verkemiddel, særleg omsynssoner etter pbl. § 11-8 bokstav f, som kan ta vare på dei planpolitiske omsyna utan at planane vert oppheva.

Når det gjeld naturmangfald, legg innspela til grunn at Norconsult si kartlegging frå 2022 ikkje gjev fagleg støtte for oppheving. Innspela syner til at rapporten tilrår fortetting i eksisterande felt framfor opning av nye område, og at felta H5 og H8 representerer slik fortetting der infrastrukturen alt er på plass. Det vert vidare peika på at det ikkje er registrerte truga artar i H5, og at dei attverande tomtene i H8 ligg utanfor dei konkrete omsynssonene Norconsult tilrår.

Avslutningsvis ber innspela om at planane ikkje vert oppheva, og syner til at omsynet til naturmangfald kan ivaretakast gjennom omsynssoner og vilkår i enkeltsaker.

Drøfting

Planvasken og vurderinga av arealdisponeringa i KPA kjem på bakgrunn av revisjon av KPA, samt eit behov for ein systematisk gjennomgang av alle gjeldande reguleringsplanar i kommunen. Eit aukande tal dispensasjonar, avvik frå gjeldande planar og oppdateringsbehov i KPA har vore viktige drivarar for arbeidet.

Gjennomgangen av reguleringsplanane syner eit breitt spenn i alder, detaljeringsnivå og funksjon. Eit fleirtal av planane er ferdig utbygde og fungerer framleis som styringsverktøy for eksisterande bygningsmasse, struktur og arealbruk. Ein gjennomgåande observasjon i planvasken er at mange av dei eldre planane har eit lågt detaljeringsnivå. Dette er særleg synleg for tema som universell utforming, klima- og energispørsmål, ROS-vurderingar, naturmangfald og miljøvurderingar generelt m.m. Dette er tema som i langt større grad vert ivaretekne i nyare planverk, og det er føresett at dei vert handterte gjennom revisjonen av kommuneplanen ved hjelp av overordna føresegner som får forkøyrrett framfor eldre planar der det er motstrid. På denne måten kan kommunen sikre meir føreseieleg sakshandsaming, både for innbyggjarar og utbyggjarar, samstundes som eldre planar kan vidareførast som rammeverk for eksisterande situasjon.

For mange ferdig utbygde bustadplanar frå perioden 1970 til 2000 er det eit gjennomgåande trekk at regulerte krav ikkje samsvarar med dagens faktiske situasjon eller praksis. Døme på dette er mellom anna låg utnyttingsgrad som ikkje reflekterer eksisterande byggjemønster, krav til små garasjar som ikkje er tilpassa moderne behov og manglande eller utdaterte byggjegranser mot sjø og vassdrag. Manglande fører til eit misforhold mellom plan og realitet, noko som fører til eit høgt tal dispensasjonssøknader. Desse problemstillingane er

dei mest typiske konfliktområda i sakshandsaminga og vert forsøkt løyste gjennom overordna og meir tidsriktige føresegner i ny KPA.

Kommuneplan

Gjennomgangen av arealdisponeringa i gjeldande kommuneplan synleggjer at alle areala har sine utfordringar i varierende grad. Det er gjort ei konkret avveging mellom behovet for utviklingsareal og omsyn til nasjonale interesser som t.d. jordvern, naturmangfald, klima, tryggleik og barn og unge sine interesser.

Årdal kommune har generelt lite tilgjengeleg areal med moglegheiter for utbygging. Mange av areala som tidlegare vart avsette til byggjeområde i tidlegare planprosessar, ligg i skråningar, flaum- og skredutsette område eller på dyrka mark. Samstundes er det eit behov for kommunen å sikre tilstrekkeleg arealreserve for bustad-, nærings- og industriføremål, noko som gjer avvegingane særleg viktige. Resultata frå vurderingane kan oppsummerast i tre punkt:

1. Tilbakeføring av areal til LNF(R)-føremål er tilrådd for område med særleg store konflikhtar med omsyn til nasjonale interesser, naturmangfald m.m. Dette gjeld mellom anna for delområda Luggøyni, Øygarden og Moa.
2. Delvis tilbakeføring eller justering vert tilrådd for areal som er konfliktfylte, men som kan vidareførast med mindre konflikt dersom det vert gjort justeringar. Døme på delområde der justering vert tilrådd er Lysa/Øvrevollane, Loi, Lykkja og Læg Reid.
3. Vidareføring fullt ut vert tilrådd for område som ligg innanfor eller i direkte tilknytning til eksisterande industriområde, eller for område som elles er vurderte til å ha gode føresetnader og med lågt konfliktnivå. Døme på område der vidareføring fullt ut vert tilrådd er Hydro i Øvre Årdal (Søderbergtomta, Å3), Hydro austside og i Vikadalen/Naddvik.

Reguleringsplanar

Som nemnt over har gjennomgangen av reguleringsplanane synt eit breitt spenn i alder, detaljnivå og funksjon. Mange av planane er ferdig utbygde, medan nokon i liten grad er realiserte eller ikkje realiserte i det heile tatt. Planvasken har teke føre seg alle dei 92 gjeldande reguleringsplanane i kommunen, og har kome med følgjande tilråding:

Viktige trekk og funn i vurderingane i planvasken er at ferdig utbygde planar framleis har funksjon som styringsverktøy, sjølv om dei er mangelfulle. Dei fleste planane med fullt utnytta areal vert tilrådde vidareførte. Bustadplanar frå 1970 til 2000-talet har låg utnyttingsgrad, manglande byggjegranser mot sjø og vassdrag, få og lite utdjupande føresegner samt lite utgreiingar. Nokre av reguleringsplanane for hyttefelt ligg i område som i dag er vurderte til å ha sårbar natur. Desse planane vert tilrådde oppheva slik at området kan replanleggjast basert på ny kunnskap om naturmangfaldet. Sentrumsområda er i stor grad utbygde i tråd med sentrumsplanane. Desse vert tilrådde vidareførte for å sikre føreseielegheit i påvente av nye sentrumsplanar (områdereguleringsplanar). Reguleringsplanane for industri- og næringsområde vert stort sett tilrådde vidareførte. Nokre eldre planar som ikkje er ferdig utbygde og/eller har klare manglar, vert tilrådde oppheva.

Vidare saksgang

Arbeidet med planvask vert gjennomført parallelt med, og som ein integrert del av rulleringa av kommuneplanens arealdel (KPA).

På bakgrunn av planvask-rapporten vil administrasjonen førebu 32 politiske saker – éi sak per reguleringsplan. Kvar sak gjev ein gjennomgang av vurderingane som er gjort i planvasken, supplert med ei konkret vurdering av den aktuelle planen. For samtlige planar vert det tilrådd oppheving.

Ein viktig premiss for planvasken er at føremålet ikkje er å «rydde for ryddinga si skuld», men å betre den faktiske situasjonen samanlikna med i dag. Mange av dei planane som no vert vurderte oppheva, er ikkje utbygde og hadde truleg ikkje vorte godkjende dersom dei hadde vore handsama med dagens kunnskapsgrunnlag, gjeldande naturvernregelverk og krav til omsyn til naturmangfald. Oppheving av desse planane vil difor ikkje berre rydde i planregisteret, men òg gje eit meir reelt og oppdatert bilete av kva som faktisk kan realiserast innanfor kommunens areal.

Juridisk vurdering

Oppheving av reguleringsplanar fører til at kommuneplanen sin arealdel vert gjeldande i staden for reguleringsplanen. Dette vil i dei aller fleste tilfelle medføre liten til ingen endring i kva som er tillate/ikkje tillate. Ny KPA vert utarbeidd på ein måte som samsvarar med overordna regelverk, reduserer konflikt ved oppheving av planar, samt tek vare på framtidig utbygging og utbyggingsmønster.

Tilråding:

Formannskapet tek planvasken til følgje, og sluttar seg til vurderingane om oppheving.

20.05.2026 Formannskapet

Nytt framlegg, foreslått av Christian Sønstlien, Arbeiderpartiet

1. Formannskapet tek planvasken til orientering.
2. Det skal gjennomførast eit arbeidsmøte i formannskapet før sak om oppheving skal til handsaming.

Tilråding og nytt framlegg vert stilt opp mot kvarandre. Nytt framlegg vert vedteke samrøystes.

Fskap - 050/26 Vedtak

1. Formannskapet tek planvasken til orientering.
2. Det skal gjennomførast eit arbeidsmøte i formannskapet før sak om oppheving skal til handsaming.

Vedlegg:

Revisjon av kommuneplanens arealdel – vurdering av ikkje-utbygde område
Planvask - reguleringsplanar, Årdal kommune

Saksnr.	Utval	Møtedato
051/26	Formannskapet	20.05.2026

Sakshandsamar: Sebastian Hjertager Lund

Arkiv:

Arkivsak: 25/181 -
Ugyldig flettefelt

Søknad om dispensasjon - Murane bekkeinntak - Fortun- Grandfastvassdraget, Årdal kommune Detaljplan for miljø og landskap

Saka gjeld

Hydro Energi AS søker om dispensasjon frå §§ 1-2 *Plankrav* og 3-3 *LNFR-område* i gjeldande kommuneplan (planID: KPL-2011-2023). Søknaden kjem i forbindelse med oppgradering av Murane bekkeinntak.

Bakgrunn

Søknaden kjem på bakgrunn av planlagde oppgraderings- og rehabiliteringstiltak på Murane bekkeinntak i Fardalen i Årdal kommune. Murane bekkeinntak er ein del av konsesjonsområdet for Fortun – Grandfastvassdraget.

Kommuneplan

Området er regulert til LNFR-område i gjeldande kommuneplan. Omsynet bak føresegna til LNFR-område er å ivareta landbruks-, natur- og friluftsinteresser, og å sikre at slike område ikkje vert gradvis utbygd på ein måte som svekkjer desse omsyna.

I likskap med tilsvarande dispensasjonssaker for konsesjonsgjeve vasskraftanlegg er vilkåra for å kunne gje dispensasjon **alltid til stades**. Dispensasjonsspørsmålet med vilkåra som er heimla i pbl. § 19-2 må difor **vurderast som oppfylte**. Vurderingar knytt til naturvern, miljø, kulturminne og arealbruk m.m. er svart ut og handsama av NVE gjennom vassressurslova, vassdragreguleringslova og energilova som ein del av konsesjonshandsaminga.

Plankrav og unntak frå byggesakshandsaming

Jf. § 1-2 i gjeldande arealdel til kommuneplanen er de lagt til grunn at det i område avsett til noverande eller framtidige bygningar og anlegg nemnt i pbl. § 20-1 1- leidd bokstav a, d, g, k, og i, samt frådelling til slike føremål ikkje kan gjennomførast før området inngår i ein reguleringsplan. SAK10 § 4-3 bokstav b. legg til grunn at vasskraftanlegg eller andre tiltak i vassdrag som er gjeve konsesjon eller føresegner gjeve med heimel i lov 14. desember 1917 nr. 16 om konsesjon for rettigheter til vassfall mv. (vassfallrettigheitslova), lov 14. desember

1917 nr. 17 om regulering og kraftutbygging i vassdrag (vassdragsreguleringsloven) og lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvatn (vassressursloven) **er unnateke krav i plan- og bygningslova for tiltak for visse tiltak som handsamast etter anna lovar.**

Med omsyn til ovannemnde legg kommunen til grunn at det i denne saka **ikkje** er naudsynt å vurdere dispensasjonsspørsmålet opp mot krava til reguleringsplan jf. § 1-2 i gjeldande kommuneplan, då vasskraftanlegget er **unnateke byggesakshandsaming.**


Konsesjonspliktige vasskraftanlegg er òg **unnateke krav til reguleringsplan**, og dispensasjonsspørsmålet kan difor ikkje vurderast opp mot krava i § 1-2 i gjeldande kommuneplan.

Tiltaket

For at dammen skal få ein tilfredsstillande tryggleik er planlegg konsesjonær å gjennomføre følgjande tiltak:

- Ny tappelupe med opptrekk
- Heva golv for lukehus, for å hindre overtopping med dimensjonerande flaum
- Nye bergboltar i lukeseksjonen
- Nye bergboltar i overløpstersklene
- Ny ledevegg for å hindre overtopping av terreng ved dimensjonerande flaum
- Heve ledevegg for å hindre overtopping av terreng ved dimensjonerande flaum

Alle tiltaka skal utførast på ein måte som er skånsam for naturen, og inneber i liten grad inngrep i nye naturområde.



Oversiktsbilde av eksisterende bekkeinntak, Sweco 2025

Som ein del av prosjektet har Hydro Energi engasjert SWECO AS til å utarbeide ein **detaljplan for miljø og landskap, heretter DML**. Denne vart sendt på avgrensa høyring til Årdal kommune, Statsforvaltaren Vestland, Vestland fylkeskommune og Villreinnemnda for Sogn og Fjordane i forkant av dispensasjonssøknaden.

Statsforvaltaren i Vestland

Syner i si fråsegn til at rehabilitering av vasskraftanlegg har stor samfunnsnytte, og at slike tiltak ofte vil innebere tiltak på eller nær eksisterande anlegg. Dei vurderer at det gjennom DML er gjort godt greie for eventuelle påverknadar på naturmiljø, og at det er planlagd relevante avbøtande tiltak for å avgrense negativ påverknad på sårbar høg fjellsnatur.

Dei legg òg til at tiltaksområdet ligg innanfor Vest-Jotunheimen villreinområde, og konstaterer at det vil verte vurdert/iverksett tiltak dersom det kjem villrein inn i området.

Vestland Fylkeskommune

Vestland fylkeskommune har vurdert detaljplanen for rehabilitering av Murane bekkeinntak i Årdal kommune og legg til grunn at dei har ingen avgjerande merknader til tiltaket. Men dei legg til grunn følgjande i høyringsuttala si:

Når det gjeld kulturminne, er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet, og potensialet for nye funn er vurdert som lågt sidan inngrepa i hovudsak skjer i tidlegare påverka areal. Meldeplikta etter kulturminnelova gjeld likevel dersom funn skulle dukke opp under arbeidet. Bergens Sjøfartsmuseum, som har vurdert marine kulturminne, har heller ingen merknader, men gjer merksam på same meldeplikt for eventuelle funn i sjøområda.

Tiltaket er vurdert å ha avgrensa påverknad på friluftsliv og vassmiljø. Rehabiliteringa inneber ikkje endringar i vassføring eller fiskeforhold, og avbøtande tiltak er planlagt for anleggsperioden. Når det gjeld infrastruktur, er tilkomsten via privat veg frå fylkesveg 5632, og tiltaket krev ikkje handsaming etter veglova. Fylkeskommunen ser det som positivt at arbeidet vert sett på pause i høysesongen for turisttrafikk.

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Har ikkje kome med innspel.

Drøfting

Hydro Energi AS søker dispensasjon frå § 3-3 LNFR-område i gjeldande kommuneplan i samband med rehabilitering av Murane bekkeinntak i Fardalen. Bekkeinntaket er ein del av konsesjonsområdet for Fortun–Grandfastvassdraget, og tiltaket er konsesjonshandsama etter vassressurslova, vassdragsreguleringslova og energilova. Som følge av dette er tiltaket unnateke byggesakshandsaming etter SAK10 § 4-3 bokstav b, og vilkåra i dispensasjonsvedtaket jf. pbl. § 19-2 er i slike saker alltid til stades. Vurderinga er difor avgrensa til ei gjennomgang av detaljplanen for miljø og landskap (DML) som SWECO AS har utarbeidd for Hydro Energi AS.

DML vart sendt på avgrensa høyring til Årdal kommune, Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune og Villreinnemnda for Sogn og Fjordane. Ingen av høyringsinstansane har kome med avgjerande merknader til tiltaket. Statsforvaltaren i Vestland vurderer at DML gjer godt greie for eventuelle påverknadar på naturmiljøet, og at det er planlagd relevante

avbøtande tiltak for å avgrense negativ påverknad på sårbar høgfjellsnatur. Villreinnemnda for Sogn og Fjordane har ikkje kome med innspel.

Tiltaksområdet ligg i høgfjellsterreng innanfor Vest-Jotunheimen villreinområde, i eit landskap som er rekna som sårbart for inngrep. Eit sentralt premiss i DML er at inngrepa i hovudsak skal avgrensast til areal som tidlegare er påverka av anleggsverksemd, og at det ikkje skal gjerast terrenginngrep i urørt terreng. Kommunen legg til grunn at dette vert følgt opp i gjennomføringsfasen. Tiltaket inneber heller ikkje endringar i vassføring eller vandringsforhold for fisk, og er vurdert å ha avgrensa påverknad på friluftsliv og vassmiljø. Det er planlagt avbøtande tiltak i anleggsperioden for å hindre ureining av vassførekomsten.

Vestland fylkeskommune har ingen avgjerande merknader knytt til kulturminne, vassmiljø eller infrastruktur. Meldeplikta etter kulturminnelova gjeld dersom funn skulle dukke opp under arbeidet, noko kommunen legg til grunn at vert overhaldt. Kommunen ser det òg som positivt at arbeidet er planlagt gjennomført utanfor høgsesongen for turisttrafikk over Tindevegen.

Samla sett finn kommunen at tiltaket slik det er skildra i DML er tilstrekkeleg utgreidd, og at dei relevante omsyna knytt til naturmiljø, kulturminne og friluftsliv er ivaretekne på ein tilfredsstillande måte.

Miljø

Vegetasjon og terreng

Tiltaksområdet har høgfjellskarakter med vegetasjon dominert av lynghei i urørte område. Nærast anlegget, der det tidlegare er gjort anleggsarbeid, dominerer grasartar som smyle. Det er eit tydeleg skilje i vegetasjon mellom det tidlegare anleggsområdet og dei urørte omgivnadene rundt. Det er ikkje registrert raudlista artar eller framande artar i området.

Fugl og dyreliv

Noko sør for anlegget er det registrert rødstilk (nær trua), og lenger sør er blåstrupe, fjellvåk og steinskvett registrert. Jerv (sterkt trua) er registrert i fjellområdet, men tiltaket er ikkje vurdert å påverke arten. Buttsnutefrosk vart observert under synfaring. Generelt er det gjort grundige utsjekkar for sensitive artsdata utan vesentlege funn.

Villrein

Tiltaksområdet ligg innanfor Vest-Jotunheimen villreinområde, som strekkjer seg over Luster og Årdal kommune. Området inngår i både kjent vinterbeite og barmarksbeite. Det mest brukte kalvingsområdet er registrert om lag 1,5 km vest for tiltaksområdet, og trekkruiter er registrert fleire stader langs Tindevegen. Dette vert rekna som eit sentralt omsyn i planen.

Akvatisk miljø

Fardalselvi er delt i to vassførekomstar ved Murane bekkeinntak. Oppstraums inntaket er den økologiske tilstanden vurdert som god, medan vassførekomsten nedstraums er registrert med svært dårleg økologisk tilstand for fisk. Det er kjent at det står aure i bekken oppstraums bekkeinntaket.

Verneområde

Tiltaksområdet ligg utanfor verneområde. Grensa til Utladalen landskapsvernområde og Jotunheimen nasjonalpark går om lag 2 km aust for tiltaksområdet. Ei foreslått utviding av nasjonalparkgrensa går om lag 500 meter aust for tiltaksområdet.

Landskap og friluftsliv

Landskapet er klassifisert som «relativt ope dal-landskap i fjellet med vegetasjonsdekke» og er sårbart for inngrep. Sjølv om anlegget er synleg i terrenget, er det ikkje dominerande. Tiltaket vil ikkje medføre vesentleg endring i landskapsbildet. Området inngår ikkje i kartlagde og verdsette friluftslivsområde, men ligg nær Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde og har kvalitetar for friluftsliv. To bål plassar vart funne ved anlegget under synfaring, noko som tyder på at området er i bruk.

Behov for klimatilpassing

Tiltaket er ein rehabilitering av eit ubemanna bekkeinntak, og fører såleis ikkje til nokon endring eller auke i personopphald på staden.

Jf. kapittel 5.1.2 i detaljplanen er gjennomført ein utsjekk av NVEs aktsomheitskart for flaum og skred-fare. Tiltaksområde ligg utanfor aktsomheitsområde for jord- og flaumskred og steinsprang. Bekkeløpet er markert med aktsomheitssone for flaum. Tiltak skal ikkje gjennomførast i periodar der området utsett for flaum. Vidare leggjast det til grunn at tiltaket vil bidrege til å sikre anlegget mot dimensjonerande flaum.

Tiltaksområdet ligg òg innanfor aktsomheitsområde for snøskred, men ingen arbeid eller ferdsel som følgje av planens tiltak skal gjennomførast vintertid eller når det er fare for skred.

Med omsyn til ovannemnde vurderer kommunen av krava i TEK17 kap. 7 er oppfylte.

Juridisk vurdering

Saka er vurdert til å ikkje medføre nokon juridiske konsekvensar.

Tilråding:

Årdal kommune sluttar seg til detaljplanen for miljø og landskap for Murane bekkeinntak.

20.05.2026 Formannskapet

Tilråding vedteke samrøystes.

Fskap - 051/26 Vedtak

Årdal kommune sluttar seg til detaljplanen for miljø og landskap for Murane bekkeinntak.

Vedlegg:

Hydro Energi søker om dispensasjon frå LNFR-føremålet og frå krav om reguleringsplan for Murane Bekkeinntak

R01 Teknisk plan Murane bekkeinntak

R01 Teknisk plan Murane bekkeinntak_vedlegg

Detaljplan for vassdragstiltak miljø og landskap_Murane bekkeinntak_01_060326

Høringsuttale til detaljplan for rehabilitering av Murane bekkeinntak, NVE-ref. 202607041

Fråsegn – detaljplan for miljø og landskap – rehabilitering av Murane bekkeinntak – Årdal

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
052/26	Formannskapet	20.05.2026

Sakshandsamar: Sebastian Hjertager Lund

Arkiv:

Arkivsak: 25/1655

- Ugyldig flettefelt

Søknad om dispensasjon på gnr 14 bnr 1, Støl i Gravdalen

Saka gjeld

Årdal Turlag søker om dispensasjon frå byggjeforbodet innanfor LNFR-område, jf. § 3-1 i gjeldande kommuneplan. Tiltaket gjeld oppføring av ein ny bru over Gravdøla.

Bakgrunn

Grunna at eksisterande bru over Gravdøla like ved stølen har vorte teken av ismassar to år på rad, ynskjer Årdal Turlag å føre opp ei ny bru ved ein annan lokasjon. Eksisterande bru har ved fleire høve vore forsøkt sikra, utan hell.

Litt om stølen i Gravdalen

Årdal Turlag har i dag ansvaret for tre sel på fjellstølen i Gravdalen. Alle dei tre sela har DNT-lås. Det vart i 2025 registrert 260 overnattingar på stølen. Stølen ligg innanfor eigedomen 14/1 i Årdal kommune, nordaust for Hjelle i Utladalen, ca. 2 km i luftlinje frå Naturhuset. Hovudtrafikken til stølen kjem frå Utladalen via Avdalen (frå søraust). Det er òg sti/ferdsel frå nordvest, frå Fardalen (stølsvegen). Området er òg utstrekt nytta til både jakt og bærplukking.

Det har tidlegare vore plassert ei bru som kryssar Gravdøla like ved stølen, som fleire gonger har vorte teken av ismassar frå elva. På bakgrunn av den siste hendinga, der både bru og brukar forsvann, ynskjer turlaget no å endre plasseringa av brua til ein betre eigna plass.

Kryssingspunktet for elva er tenkt flytta lengre fram/opp i dalen (mot nord), der det kjem fram av kartet at ein skal krysse elva. Brua er tenkt plassert på sørenden av garden, der det er naturleg å krysse elva når ein går stølsvegen frå Fardalen. Brua ved stølen vil ikkje setjast opp igjen.

Brua er tiltenkt oppført med tre fundament, stokkar og flakar. Fundamenta er tre laftekassar fylte med stein, ein på kvar side og ein i midten. Mellom kassane skal det leggjast stolpar frå Årdal Energi, to i breidda. Øvst blir det lagt flakar som kan fjernast før vinteren. Det er behov

for helikoptertransport av materialar. All helikoptertransport vil skje i samråd med godkjenning frå relevante partar. Grunneigar av gnr. 14 bnr. 1 har gjeve samtykke til tiltaket.

Saka vart i første omgang sendt til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen, som har gjeve dispensasjon til tiltaket med vilkår i tretten punkt. I vurderinga til Nasjonalparkstyret er det lagt særleg vekt på at den nye brua erstattar den gamle brua, og at tiltaket ikkje vil vere i strid med verneføremålet eller verneverdiane.

Dispensasjon frå verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde er gjeven med følgjande vilkår:

Den nye brua skal byggjast i tråd med opplysningar gjevne i dispensasjonssøknaden frå Årdal Turlag.

- Brua har ei lengd på inntil 20 m og ei breidd på inntil 2 m.
- Brua skal byggjast med materiale som grånar naturleg, som oppgitt i søknaden.
- Fundamenta er tre laftekassar (bolverk), ein på kvar side og ein i midten. Kassane skal fyllast med stein. Mellom kassane blir det lagt stolpar, to i breidda. Øvst er det flakar som kan fjernast før vinteren.
- Før tiltaket blir sett i verk, må det avklarast med forvaltningsmyndigheita om det skal brukast stadeigen stein, og kvar den ev. kan hentast. Sinking av stein må skje manuelt.
- Den gamle brua skal fjernast frå området.
- Det skal ryddast opp etter avslutta arbeid, og alt overflødig materiale, avfall og utstyr osv. skal fraktast ut av verneområdet.
- Ut frå før-var-omsyn (naturmangfaldlova § 9) må all motorisert transport planleggjast til etter 31. juli, etter den mest sårbare tida for hekkande rovfugl.
- Ein rapport frå gjennomføringa av arbeidet skal sendast til Nasjonalparkstyret v/nasjonalparkforvaltar etter ferdigstilling og seinast 15. november 2026.
- Ev. avvik frå planteikningane og tidspunkt for gjennomføring av tiltaket skal avklarast med forvaltar på førehand.
- Årdal Turlag står som eigar av brua, og er ansvarleg for vedlikehald.

Gravdøla er del av Utlavassdraget, som vart verna gjennom verneplan III for vassdrag.

Tiltaket må derfor avklarast med NVE som vassdragsmyndigheit for verna vassdrag. I tillegg må det innhentast løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag frå Vestland fylkeskommune (tiltak oppstraums anadrom strekning, innlandsfisk), samt løyve etter plan- og bygningslova frå Årdal kommune. Det må innhentast eige løyve til motorferdsel frå forvaltningsmyndigheita når aktuell tidsperiode for gjennomføring er planlagt.

Motorisert ferdsl i utmark må også vere godkjend av kommunen, som forvaltningsmyndigheit etter motorferdselslova. Søkjar har opplyst om at tiltaket er godkjent av grunneigar.


Søknad om dispensasjon er grunna i:

Det bør absolutt vere ei bru over Gravdøla med tanke på personrisiko. Elva er ofte for stor til at ein trygt kan vade over ho.

- Føreslått kryssingspunkt for brua er tilsvarande slik det er oppgjeve på kartet.
- Det er mykje lågare sannsyn for at brua vert teken av ismassar ved det nye kryssingspunktet.
- Medfører inga endring med omsyn til påverknad på villrein.



Figur 1: Oversikt over tiltaksområdet. Nytt kryssingspunkt er synt med raud sirkel, medan stølen er synt med kvit sirkel med hus



Figur 2: Skisse av ny bru

Saka vart sendt på høyring for ei vurdering etter plan- og bygningslova til Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune og NVE.

Statsforvaltaren i Vestland

Grunna at saka har vore på høyring hjå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen, og at dei har gjeve løyve etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde, prioriterer ikkje Statsforvaltaren å gje ytterlegare fråsegn i saka. Dei ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak til klagevurdering.

NVE

Syner til at tiltaket truleg vert omfatta av lågaste tryggleiksklassar og tiltakskategori for flaum og skred. Dei legg til at kommunen framleis må gjere ei sjølvstendig vurdering av om tiltaket fell inn under tryggleiksklassar S1/F1 og/eller tiltakskategori K0, jf. TEK17 kap. 7 med rettleiing.

Vestland fylkeskommune

Har ikkje kome med konkret tilbakemelding på høyringa.

Drøfting

Årdal Turlag søker om dispensasjon frå byggjeforbodet i LNFR-område, jf. § 3-1 i gjeldande kommuneplan for oppføring av ein ny bru over Gravdøla. Tiltaksområdet i Gravdalen ligg innanfor Utladalen landskapsvernområde, og Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen er difor forvaltningsmyndigheit etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde. Som omtalt i innleiinga har dei gjeve dispensasjon til tiltaket med vilkår i tretten punkt.

For at kommunen skal kunne gje dispensasjon må begge vilkåra i dispensasjonsvedtaket, jf. § 19-2 i plan- og bygningslova, verte oppfylte. Omsynet bak føreseigna det søkjast å dispensera frå må ikkje verte vesentleg tilsidesett. Det må òg liggje føre ein klar overvekt av fordelar som talar for å gje dispensasjon.

Søknaden kjem på bakgrunn av at eksisterande bru, for andre året på rad, vart teken av ismassar. Den tidlegare brua var plassert like ved stølen. Som nemnt innleiingsvis har turlaget planlagt ny plassering av brua til ein mindre utsett plass lengre opp i Gravdalen langs det naturlege kryssingspunktet når ein går stølsvegen frå Fardalen.

Tiltaket

Den nye brua skal ha ein lengd på om lag 20 meter, ei breidd på om lag 2 meter og ei høgd på om lag 1,2 meter. Det nye kryssingspunktet, lengre nord for stølen, er eit rolegare og betre eigna kryssingspunkt enn tidlegare. Når elva er lita, kan ein vade over ho ved dette kryssingspunktet.

Brua skal utførast med tre fundament fylte med stein, langsgåande stokkar og flakar som kan fjernast om vinteren. Eit av vilkåra frå Nasjonalparkstyret er at forvaltningsmyndigheita (kommunen) må avklare om laftekassane må fyllast med stadeigen stein. Vidare legg Nasjonalparkstyret til grunn at all steinsanking må skje manuelt.

Omsynet til LNFR-område

LNFR (landbruk, natur, friluftsliv og reindrift) er eit arealføremål, i denne saka i kommuneplanen, som har som overordna føremål å ivareta samanhengande utmarks-, landbruks- og friluftslivsområde, samt sikre dei mot nedbygging og oppsplitting.

Føreseigna skal hindre spreidd og ikkje-planlagd utbygging som kan svekkje produksjonsgrunnlaget i landbruket, redusere natur- og landskapskvalitetar eller skape konflikt med allmenn ferdsel. Samstundes skal LNFR-formålet bidra til føreseieleg arealbruk og tydelege rammer for kva tiltak som kan tillatast utan reguleringsplan.

Villrein

Villreinen i Noreg er ein ansvarsart, dvs. at minst 25 % av den europeiske bestanden lever i Noreg. Etter konvensjonen om biologisk mangfald (CBD) er Noreg internasjonalt forplikta til å ivareta villreinen. Vest-Jotunheimen villreinområde består av om lag 400 dyr, og er klassifisert til middels kvalitet etter kvalitetsnorma for villrein. Jf. regjeringa sin rettleiar om planlegging av fritidsbustader utgjør menneskeleg ferdsel og aktivitet på stiar og vegar innanfor villreinområda den største negative påverknaden på villreinstammene.

Vesentleg tilsidesetting

Den omsøkte brua er eit avgrensa tiltak som vil erstatte eksisterande bru, men på ein ny og betre eigna plassering. Kryssingspunktet er flytta lengre opp i dalen, og følgjer eksisterande sti frå Fardalen mot Gravdalen. Saka har vore på høyring hjå relevante instansar utan at det har kome nokon merknader til tiltaket.

Søknaden er handsama etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde av Nasjonalparkstyret, som har gjeve dispensasjon frå verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 d. I deira vurdering har det lagt stor vekt på at den nye brua ikkje tilsideset føremålet i verneforskrifta i vesentleg grad. Vidare vurderer dei at den samla belastninga er akseptabel, og at nytteverdien er større enn ulempene. Avslutningsvis konkluderer dei med at sjølv om byggetiltak innanfor verneområde ikkje er ynskjeleg, så er fordelane større enn ulempene. Brua skal erstatte eksisterande bru på ein betre eigna plassering, og vil vere eit positivt tiltak for utøving av friluftsliv i området. Dei trekk òg fram at tiltaket er vurdert å vere i tråd med utkast til forvaltningsplan, som opnar for tilrettelegging for ferdsel gjennom mellom anna bygging av bruer der det er naudsynt.

Kommunen skal som planmynde vurdere søknaden etter plan- og bygningslova, herunder arealdelen til kommuneplanen. Området er sett av til LNFR-område i gjeldande kommuneplan. Etter føresegna i § 3-1 er det i utgangspunktet ikkje høve til å gjennomføre byggetiltak innanfor desse områda, med mindre dei er direkte tilknytte stadbunden næring på landbrukseigedomen.

Det omsøkte tiltaket er ikkje direkte tilknytt landbruksdrift eller stadbunden næring, og fell dermed utanfor det som normalt er tillate innanfor LNFR-område. Tiltaket inneber ikkje etablering av ein ny ferdselsåre til stølsområdet, men ei tilrettelegging av eksisterande tursti. Brukonstruksjonen er tenkt utført med trykkimpregnert trevirke som med tida vil gråne og passe naturleg inn i landskapet. Fundamenta skal nytte stadeigne steinmassar, noko som er positivt. Ved bruk av stadeigne massar er det særskild viktig at innhausting av massar ikkje etterlet seg sår i terrenget, og at områda vert reetablerte med naturleg arrondering.

Med omsyn til vurderingane over, samt vurderingane til Nasjonalparkstyret, vurderer kommunedirektøren at omsynet bak føresegna ikkje vert vesentleg tilsidesett.

Overvekt av fordelar

Den omsøkte brua er eit avgrensa tiltak som skal erstatte eksisterande bru som to år på rad har vorte teken av ismassar. Den nye plasseringa lengre opp i Gravdalen er eit rolegare og betre eigna kryssingspunkt enn tidlegare, og følgjer det naturlege kryssingspunktet langs stølsvegen frå Fardalen. Flyttinga av brua til ein mindre utsett stad er såleis ei forbetring samanlikna med tidlegare løysing, og reduserer risikoen for at brua på nytt vert øydelagd av ismassar.

Tiltaket legg til rette for trygg ferdsel langs ein eksisterande og etablert tursti, og har ein klar nytteverdi for friluftsliv i området. Ei bru på denne staden er vurdert som naudsynt for å oppretthalde tilgjengelegheita til eit populært turområde. Nasjonalparkstyret har i si handsaming lagt vekt på dette og konkludert med at nytteverdien er større enn ulempene, og at tiltaket er eit positivt bidrag til friluftsliv.

Dei negative konsekvensane av tiltaket er vurderte som avgrensa. Brua er planlagd med omsyn til landskap og naturmiljø. Fundamenta skal nytte stadeigne steinmassar, og trevirket

vil med tida gråne og passe naturleg inn i terrenget. Flakene kan fjernast om vinteren, noko som reduserer det permanente preget. Det er ein føresetnad at innhausting av stein skjer manuelt utan skadar i terrenget, og at området vert reetablert.

Tiltaket er vurdert opp mot omsynet til villrein. Tiltaket erstattar ei eksisterande bru og etablerer ikkje ny ferdsel. Belastninga er difor vurdert som minimal.

Saka har vore på høyring utan merknader. Nasjonalparkstyret har innvilga dispensasjon.

Samla sett vurderer kommunedirektøren at fordelane er klart større enn ulempene.

Økonomi

Ikkje vurdert

Folkehelseperspektiv

Tiltaket legg til rette for trygg ferdsel og har positiv effekt for friluftsliv og folkehelse.

Miljø

Heile tiltaksområdet ligg innanfor Vest-Jotunheimen villreinområde. Gravdalen er sommar- og haustbeiteområde. Merknader ligg ikkje føre frå villreinnemnda. Påverknaden er vurdert som låg.

Saka er vurdert etter § 8 i naturmangfaldlova. Det finst ikkje registreringar av sårbare naturtypar. Krava er vurderte som oppfylte.

Kommunen legg til grunn at det ikkje er naudsynt med vurderingar etter §§ 9–12.

Behov for klimatilpassing

Kryssingspunktet er flytta til eit tryggare område. Tiltaket kan vere risikoreduserande.

Juridisk vurdering

Ikkje særskilde konsekvensar.

Pro et contra

Pro:

- Støttar friluftsliv
- Godkjent av Nasjonalparkstyret
- Tilpassa landskap

Contra:

- Tiltak i villreinområde
- Tiltak i LNFR-område utan landbruksføremål

Tilråding:

Formannskapet finn, på bakgrunn av det som går fram av saka, at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylte. Formannskapet gjev i tråd med pbl. § 19-2 dispensasjon til oppføring av ein bru i Gravdalen med følgjande vilkår.

Vilkår:

1. Tiltaket må avklarast med NVE før igangsetjing
2. Det må innhentast løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag frå Vestland fylkeskommune

20.05.2026 Formannskapet

Tilrådinga vedteke samrøystes.

Fskap - 052/26 Vedtak

Formannskapet finn, på bakgrunn av det som går fram av saka, at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylte. Formannskapet gjev i tråd med pbl. § 19-2 dispensasjon til oppføring av ein bru i Gravdalen med følgjande vilkår.

Vilkår:

1. Tiltaket må avklarast med NVE før igangsetjing
2. Det må innhentast løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag frå Vestland fylkeskommune

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon - bro Gravdalen

UTGÅR - Søknad om dispensasjon på gnr 14 bnr 1, Støl i Gravdalen

Saksframlegg med vedtak

Godkjenning fra grunneier

Tilbakemelding til søknad om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen for oppføring av ny bru over Gravdøla

NVE si uttale - Søknad om dispensasjon frå LNFR-område - Dispensasjon frå LNFR-område - Oppføring av ny bru - Gravdalen, gnr. 14 bnr. 1 - Årdal kommune

Fråsegn frå INV - dispensasjon - oppføring av ny bru - gnr. 14 bnr. 1 - Gravdalen - Årdal kommune

Saksnr.	Utval	Møtedato
053/26	Formannskapet	20.05.2026

Sakshandsamar: Sebastian Hjertager Lund

Arkiv:

Arkivsak: 26/588 -
Ugyldig flettefelt

Søknad om dispensasjon på gnr 16 bnr 176 - Endrevegen 2, 6884 Øvre Årdal


Saka gjeld

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrensa mot kommunal veg jf. pbl. § 29-4 jf. veglova §§ 29 og 30. Tiltaka gjeld oppføring av tak på eksisterande platting.

Bakgrunn

Det vert søkt om å dispensere frå byggegrensa mot kommunal veg jf. pbl. § 29-4 jf. veglova §§ 29 og 30. Grunna at tomta ikkje er regulert, gjeld dei generelle avstandsføresegnene i kommuneplanen og veglova på 15 meter frå kommunal veg.

Tiltaket omfattar oppføring av tak på eksisterande platting, samt oppføring av to veggjar – éin vegg mot Farnesvegen og éin vegg mot Endrevegen. Som synt på biletet over skal veggane plasserast 4,2 meter frå senterlinja på vegen, 4,2 meter frå nabogrensa og 11,7 meter frå næraste bygg.



Søknad om dispensasjon er grunna i:

- Det står allereie veggjar i same område i dag, med høgde ca. 1,8 meter. Tiltaket inneber i hovudsak ei vidareføring og oppgradering av eksisterande konstruksjon.
- Endringa vil ha avgrensa visuell påverknad, då det allereie er etablert bygningsmessige element på staden.
- Tiltaket vil ikkje vere til hinder for trafikk eller siktforhold langs vegen.
- Føremålet er å skjerme uteplassen betre mot vêr og vind, og gi auka bruksmoglegheit utan å utvide arealet vesentleg.
- Omsynet bak avstandskravet ikkje blir vesentleg tilsidesett, og at fordelane ved tiltaket er større enn eventuelle ulemper.

Drøfting

For at kommunen skal kunne innvilge søknad om dispensasjon, må begge vilkåra i pbl. § 19-2 vere oppfylte. Omsynet bak føreseigna det blir søkt å dispensere frå må ikkje bli vesentleg tilsidesett. Det må òg ligge føre ein klar overvekt av fordelar som talar for å gi dispensasjon.

Søknaden gjeld ettergodkjenning av eksisterande takoverbygd platting. Tiltaket har ein storleik på 14 m² og er plassert innanfor byggeforbodssona mot kommunal veg. Takoverbygget skal plasserast 4,2 meter frå kommunal veg, og eksisterande veggjar skal hevast opp til taket. Grunna at tomta ikkje er regulert, blir avstandsføresegnene i kommuneplanen gjeldande. Det er sett ei byggegrense på 15 meter mot kommunal veg i kommuneplanen kap. V retningslinjer, som syner til byggegrensa heimla i pbl. § 29-4 jf. veglova §§ 29 og 30.

Administrasjonen vurderer at omsynet bak avstandskravet til kommunal veg ikkje blir vesentleg tilsidesett. Tiltaket er av avgrensa omfang, og plasseringa 4,2 meter frå senterlinja på vegen påverkar korkje siktlinjer, trafikktryggleik eller framkome langs Farnesvegen eller Endrevegen. Det blir òg lagt vekt på at det allereie er etablert veggjar i same område, og at tiltaket i hovudsak inneber ei vidareføring og oppgradering av eksisterande konstruksjon.

Fordelane ved tiltaket, i form av betre bruksmoglegheit og vêrskjerming av utearealet, er større enn ulempene. Begge vilkåra i pbl. § 19-2 er vurderte til å vere oppfylte.

Økonomi

Ikkje vurdert

Folkehelseperspektiv

Ikkje vurdert

Miljø

Saka er vurdert etter § 8 i naturmangfaldlova. Det finst ikkje registreringar av utvalde naturtypar, prioriterte artar eller raudlisteartar på tomta. Det har ikkje kome fram opplysningar i saka som kan tyde på at det kan vere artar der som ikkje ligg i databasen. Det er heller ikkje grunn til å tru at tilleggsregistreringar vil føre til ny kunnskap om dette. Krava i § 8 i naturmangfaldlova blir dermed vurderte som oppfylte.

Grunna at naturmangfald ikkje blir påverka av tiltaket, og det ikkje kan påvisast effekt av tiltaket på verdifull natur, legg kommunen til grunn at det ikkje er naudsynt å gjere vurderingar etter dei andre miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9–12.

Behov for klimatilpassing

Tomta ligg ikkje innanfor nokon kartlagde faresoner eller aktsomheitsområde jf. kartportalen til NVE.

Juridisk vurdering

Saka er vurdert til å ikkje medføre nokon juridiske konsekvensar.

Pro et contra

Pro:

- Påverkar ikkje siktilhøve eller tryggleiken på tilgrensande kommunal veg

Contra:

- Bygging innanfor byggeforbodssona mot kommunal veg

Tilråding:

Formannskapet finn, på bakgrunn av det som går fram av saka at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylte. Formannskapet gjev i tråd med pbl. § 19-2 dispensasjon til oppføring av tak og veggjar på gnr 16 bnr 176, Endrevegen 2.

20.05.2026 Formannskapet

Tilrådinga vedteke samrøystes.

Fskap - 053/26 Vedtak

Formannskapet finn, på bakgrunn av det som går fram av saka at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylte. Formannskapet gjev i tråd med pbl. § 19-2 dispensasjon til oppføring av tak og veggjar på gnr 16 bnr 176, Endrevegen 2.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon fra avstandskrav til offentleg veg – oppføring av tak og vegger på eksisterende platting

Saksnr.	Utval	Møtedato
054/26	Formannskapet	20.05.2026

Sakshandsamar: Sebastian Hjertager Lund

Arkiv:

Arkivsak: 24/2493
- Ugyldig flettefelt

Søknad om dispensasjon på gnr 29 bnr 2 - Dalavegen 25, 6885 Årdalstangen

Saka gjeld

Kommunen har motteke søknad om dispensasjon på gnr 29 bnr 2, Dalavegen 25 frå arealføremålet og avstand til vassdrag jf. §§ 3-1 og 3-3 i gjeldande kommuneplan (planID: KPL-2011-2023).

Bakgrunn

Tiltakshavar på gnr 29 bnr 2, Dalavegen 25 søker om dispensasjon frå arealføremålet og avstand til vassdrag i gjeldande kommuneplan for oppføring av eit tilbygg til eksisterande våningshus.

Tomta er ikkje regulert, og kommuneplanen er difor gjeldande. Grunna at tomta er ein landbrukseigedom er den regulert til LNFR-område i kommuneplanen. Jf. § 3-1 i kommuneplanen er det tillete med ein grad av utnytting på BYA = 15% eller BRA = 300 m². Våningshuset er registrert i matrikkelen med ein BRA = 232 m², medan tilbygget har ein storleik på 49 m² (BYA). Heile tiltaksområdet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø og vassdrag.

For at kommunen skal kunne gje dispensasjon må begge vilkåra i pbl. § 19-2 vere oppfylte. Omsynet bak føreseigna det søkjast å dispensera frå må ikkje verte vesentleg tilsidesett. Det må òg ligge føre ein klar overvekt av fordelar som talar for å gje dispensasjon.

Formålet med LNFR-område er å ivareta landbruks-, natur- og friluftsinteresser, og å sikre at slike område ikkje vert gradvis utbygde på ein måte som svekkjer desse omsyna. Eit tilbygg til eksisterande våningshus på ein aktiv landbrukseigedom er etter kommunen si vurdering eit tiltak som naturleg høyrer heime i eit LNFR-område, og som ikkje undergrever omsynet bak planføresegna. Tiltaket inneber ingen ny sjølvstendig bustadetablering, me heller ei moderat utviding av eksisterande bustad innanfor dei rammene kommuneplanen set. Omsynet bak planføresegna vert såleis ikkje vesentleg tilsidesett.

Fordelen for tiltakshavar er ein meir tenleg bustad på ein aktiv landbrukseigedom, noko kommunen vurderer som eit legitimt og sakleg grunngjeve behov. Ulempene er vurdert som avgrensa, mellom anna fordi tilbygget held seg innanfor maksimumsgrensa for BRA, og fordi tiltaket ikkje fører til auka press på LNFR-området utover det som er naturleg knytt til garden si ordinære drift og busetnad.

100-metersbeltet – Avstand til vassdrag

Heile tiltaksområdet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø og vassdrag, jf. § 3-3 i kommuneplanen. Formålet bak føreseigna er å sikre allmenn ferdsel og tilgjenge langs vassdrag, verne naturmiljøet, og motverke at strandsona vert privatisert eller bebygd på ein måte som reduserer dei ålmenne omsyna langs sjø og vassdrag.

Tilbygget er eit tilbygg til eksisterande våningshus, og medfører ikkje oppføring av nytt sjølvstendig bygg i forbodssona. Eksisterande bygningsmasse ligg allereie innanfor 100-metersbeltet, og tilbygget vil ikkje skape ein vesentleg ny situasjon i høve til eksisterande situasjon. Tilbygget er planlagt plassert slik at det ikkje vil hindre allmenn ferdsel langs vassdraget, og det er ikkje dokumentert at tiltaket vil ha negativ påverknad på naturmiljøet langs vassdraget.

Avstandskravet til vassdrag er eit viktig planverktøy for å sikre allmenn tilgang til sjø og vassdrag, samt legge til rette for føreseieleg arealplanlegging i vassdragsnære område. Kommunedirektøren vurderer at omsyna ikkje vert tilsidesett, og at det ikkje ligg føre klare ulemper som talar i mot å gje dispensasjon. Det vert synt til at eigedomen ligg i eit område utan registrert verdifull natur, at ferdselstilhøva langs vassdraget ikkje vert råka, og at tiltaket er av avgrensa omfang.

Samla vurdering

Kommunen finn etter ei samla vurdering at vilkåra for dispensasjon etter pbl. § 19-2 er oppfylte, både for avstand til vassdrag jf. § 3-3 og for plassering innanfor LNFR-område jf. § 3-1 i kommuneplanen. Det vert særleg lagt vekt på at:

- Tiltaket er ei avgrensa utviding av eksisterande bustadareal på ein drifta landbrukseigedom.
- Samla BRA etter tilbygging held seg innanfor kommuneplanens grense på 300 m².
- Tiltaket ikkje råkar naturmangfald, ferdsel langs vassdraget eller andre ålmenne interesser av vekt.

- Kvikkleireproblematikk er vurdert og avklart ut frå tidlegare gravearbeid på eigedomen, og det er ikkje påvist ustabile massar.
- Tomta ligg ikkje innanfor kartlagde faresoner for stein-, jord- eller snøskred.

Økonomi

Ikkje vurdert

Folkehelseperspektiv

Ikkje vurdert

Miljø

Saka er vurdert etter § 8 i naturmangfaldlova. Det finns ikkje registreringar av utvalde naturtypar, prioriterte artar eller raudlisteartar på tomta. Det har ikkje kome fram opplysningar i saka som kan tyde på at det kan vere artar der som ikkje ligg i databasen. Det er heller ikkje grunn til å tru at tilleggsregistreringar vil føre til ny kunnskap om dette. Krava i § 8 i naturmangfaldlova blir dermed vurdert som oppfylt.

Grunna at naturmangfald ikkje vert påverka av tiltaket, og det ikkje kan påvisast effekt av tiltaket på verdifull natur, legger kommunen til grunn at det ikkje er naudsynt å gjere vurderingar etter dei andre miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9-12.

Behov for klimatilpassing

Tomta ligg ikkje innanfor nokon kartlagde faresoner (stein-, jord- og snøskred) jf. faresonekart hjå NVE jf. rapport 2013/5.

Heile tomta ligg innanfor aktsomheitsområde for kvikkleire jf. aktsomheitskart hjå NVE. I perioden 2012 til 2021 er det gjennomført omfattande gravearbeid på eigedomen. I 2012 vart tunet vest for bustadhuset utvida, i 2017 vart det ført opp eit reiskapshus nord for våningshuset og i 2021 vart det lagt ny drikkevassleidning. Under gravearbeida vart det ikkje avdekka spor av ustabile massar. Vidare opplysast det i søknaden at fast fjell har vore eit problem, og at djupna til fjell generelt er låg.

Snitt mot elv = 1:3,66 og snitt mot fjord 1:9,91

Kommunen vurderer at krava i TEK17 kap. 7 er oppfylte.

Juridisk vurdering

Saka er vurdert til å ikkje medføre nokon juridiske konsekvensar.

Pro et contra

Pro:

- Inneber ikkje vesentlege inngrep i naturområde
- Liten- til ingen påverknad på tilgrensande vassdrag
- I tråd med gjeldande arealføremål, aktiv drift på landbrukseigedomen

Contra

- Bygging innanfor forbodssona mot vassdrag
- Bygging nær maksimumsgrensa for storleik (300 m² BRA)

Tilråding:

Formannskapet finn, på bakgrunn av det som går fram av saka, at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylte. Formannskapet gjev i tråd med pbl. § 19-2 dispensasjon til oppføring av eit tilbygg på gnr 29 bnr 2, Dalavegen 25.

20.05.2026 Formannskapet

Tilråding vedteke samrøystes.

Fskap - 054/26 Vedtak

Formannskapet finn, på bakgrunn av det som går fram av saka, at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylte. Formannskapet gjev i tråd med pbl. § 19-2 dispensasjon til oppføring av eit tilbygg på gnr 29 bnr 2, Dalavegen 25.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon ved utvidelse av hus

Kvittering for nabovarsel

Utvidelse, plan

Utvidelse, snitt

Utvidelse, fasader

Utvidelse, situasjonsplan

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
055/26	Formannskapet	20.05.2026

Sakshandsamar: Laila Irene Røneid

Arkiv:

Arkivsak: 26/688 -
Ugyldig flettefelt

Samlesak for delegerte skjenke og serveringssaker

Tilråding

Delegerte skjenke- og serveringssaker vert tekne til orientering.

Dokument i saka:

Saksnr.	Tittel
	Melding om vedtak - søknad om serveringsløyve Heilmat Drift AS
	Melding om vedtak - søknad om utvida skjenkeløyve 19. mai 2026

20.05.2026 Formannskapet

Delegerte skjenke- og serveringssaker teke til orientering.

Fskap - 055/26 Vedtak

Delegerte skjenke- og serveringssaker vert tekne til orientering.

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
056/26	Formannskapet	20.05.2026

Sakshandsamar: Laila Irene Røneid

Arkiv:

Arkivsak: 26/688 -
Ugyldig flettefelt

Samlesak for delegerte byggesaker

Tilråding:

Delegerte byggesaker vert tekne til orientering.

Dokument i saka:

Saksnr.	Tittel
	Delegert vedtak 26/012 - Løyve til IG-1 igangsetjing for nytt tilbygg til næringsbygg på gnr 9 bnr 151, Tyinosvegen 1, 6884 Øvre Årdal
	Delegert vedtak 26/013 - Løyve til å rive eksisterande garasje og føre opp ny garasje med bod og sykkelskur på gnr 18 bnr 211, Strandvegen 17, 6884 Øvre Årdal
	Delegert vedtak 26/014 - Endring av utførande føretak for å utvide terrasse, ny terrasse med delvis takoverbygg, fasadeendring og endring av bygg innvendig på gnr 16 bnr 8, Ivar Aasens veg 3, 6884 Øvre Årdal
	Delegert vedtak 26/113 - løyve til fasadeendring på gnr 16 bnr 119, Storevegen 62, 6884 Øvre Årdal
	Delegert vedtak 26/114 - Løyve til bruksendring frå tomannsbustad til einebustad på gnr 6 bnr 209, Geisdalsvegen 31, 6885 Årdalstangen
	Delegert vedtak 26/115 - Løyve til bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel på gnr 16 bnr 332, Teigavegen 18, 6884 Øvre Årdal
	Delegert vedtak 26/116 - Løyve til å etablere 9 nye korgar for utviding av Frisbee golf bana på gnr 32 bnr 3 og 4, Seimsåsen, 6885 Årdalstangen
	Delegert vedtak 26/210 - Ferdigattest for piperehabilitering på gnr 27 bnr 102, Løytnant Lems veg 8, 6885 Årdalstangen
	Delegert vedtak 26/211 - Ferdigattest for ny garasje på gnr 17 bnr 281, Bøskredvegen 1A, 6884 Øvre Årdal

	Delegert vedtak 26/212 - Ferdigattest for riving av garasje, nytt tak over inngangsparti samt ny carport med bod som tilbygg til bustad på gnr 16 bnr 220, Kvevegen 1, 6884 Øvre Årdal
	Delegert vedtak 26/117 - Løyve til å føre opp garasje på gnr 9 bnr 475, Sletterust 113, 6884 Øvre Årdal

20.05.2026 Formannskapet

Fskap - 056/26 Vedtak

Delegerte byggesaker vert tekne til orientering.